

## RAPPORT



### **Tilstandsoversyn over tilrettelagde og planlagt tilrettelagde kulturminne i Sogn og Fjordane**

*for*

*Sogn og Fjordane fylkeskommune*

*i regi av*

*Riksantikvarens Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske  
kulturminne og kulturmiljø (BARK)*

<b>DOKUMENTINFORMASJON</b>	
<b>Tittel:</b> Tilstandsoversyn over tilrettelagde og planlagt tilrettelagde kulturminne i Sogn og Fjordane.	<b>Dato:</b> 15.11.2011
<b>Forfatter:</b> Ørjan Engedal	<b>Rapportnr:</b> 1/2011
<b>Referanse:</b> Engedal, Ø. 2011: Tilstandsoversyn over tilrettelagde og planlagt tilrettelagde kulturminne i Sogn og Fjordane. <i>Rådgjevande Arkeologar. Rapport 1/2011.</i>	
<b>Oppdragsgjevar:</b> Sogn og Fjordane fylkeskommune	<b>Kontaktperson oppdragsgjevar:</b> Berit Gjerland, seniorrådgjevar
<b>Samandrag:</b> I regi av Riksantikvaren sitt bevaringsprogram (BARK) har Rådgjevande Arkeologar utført arbeid på oppdrag for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Rapporten omfattar ei evaluering av tilrettelagde og planlagt tilrettelagde kulturminne i Sogn og Fjordane. Han tek utgangspunkt i kulturminne som er tilrettelagde av fylkeskommunen, Bergen Museum, kommunane og andre aktørar, og fylkeskommunen sin handlingsplan for skjøtsel og tilrettelegging av automatisk freda kulturminne frå 1999. Vidare grunnlag har vore innspel frå kommunane i tilknytning til BARK prosjektet. Prioriteringane for framtidig tilrettelegging har vore gjort i tett samråd med Kulturavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune.	
<b>Framsidediagram:</b> Ausevik, Flora kommune. Foto: Ø. Engedal.	
<b>Produsert av:</b> RÅDGJEVANDE ARKEOLOGAR ANS 6953 Leirvik i Sogn Tlf. 91329417 / 95882320 E-post: <a href="mailto:post@arkeoraad.no">post@arkeoraad.no</a> Internett: <a href="http://www.arkeoraad.no">www.arkeoraad.no</a>	

## Innhald

1. Føreord .....	5
2. Automatisk freda kulturminne i Sogn og Fjordane .....	6
3. Gjennomgang av prosjekta .....	7
3.1 Tilrettelagde kulturminne .....	7
3.1.1 Ausevik, Flora k. ....	8
3.1.2 Ytre Moa, Årdal k. ....	9
3.1.3 Vereide, Gloppen k. ....	11
3.1.4 Modvo, Luster k. ....	12
3.1.5 Staveneset .....	13
3.1.6 Andre tilretteleggingar .....	14
<i>Fretheim bautapark, Aurland k.</i>	
<i>Fretheim, Aurland k.</i>	
<i>Prestegarden, Aurland k.</i>	
<i>Balehaugane, Balestrand k.</i>	
<i>Veganeset, Balestrand k.</i>	
<i>Botnane, Bremanger k.</i>	
<i>Myklebusthaugane , Eid k.</i>	
<i>Midthjell, Eid k., Eid k.</i>	
<i>Korssund, Fjaler k.</i>	
<i>Svanøy, Flora k.</i>	
<i>Hornnes, Førde k.</i>	
<i>Sande, Gaular k.</i>	
<i>Bygstad, Gaular k.</i>	
<i>Osen, Gaular k.</i>	
<i>Rygg, Gloppen k.</i>	
<i>Gulatinget, Gulen k.</i>	
<i>Eivindvik , Gulen k.</i>	
<i>Karnillshaugen, Gloppen k.</i>	
<i>Evebø, Gloppen k.</i>	
<i>Gamle Hyllestad kyrkje</i>	
<i>Kvernsteinspark, Hyllestad k.</i>	
<i>Baldershagen, Leikanger k.</i>	
<i>Dragseidet, Selje k.</i>	
<i>Nornes, Sogndal k.</i>	
<i>Stedje, Sogndal k.</i>	
<i>“Lusakaupangen”, Sogndal k.</i>	
<i>Fritjovsparken, Vik k.</i>	
3.1.7 Mellomalderbygg: kloster-, kyrkje- og gardsbygg	31
3.2 Prioriterte prosjekt utan eksisterande tilrettelegging .....	32
<i>Brandsøysundet, Flora k.</i>	
<i>Vie, Førde k.</i>	
<i>Jyleskotet-Omnane, Hornindal k.</i>	

Åkreneset, Høyanger k.  
Hegrenes, Jølster k.  
Henjane , Leikanger k.  
Stavarekkja , Lærdal k.  
Gardsbøen, Naustdal k.  
Hersvik, Solund k.  
Bø indre, Stryn k.  
Røysaleitet, Vågsøy k.  
Moahaugane, Vik k.  
Vilnes, Askvoll k.  
Kvaoledn, Aurland k.  
Grotle, Bremanger k.  
Guddal, Fjaler k  
Furebøen, Førde k.  
Kjøsnes, Jølster k.  
Njøs, Leikanger k.  
Urnes, Luster k.  
Ljøsne, Lærdal k.  
Horne, Naustdal k.  
Barmen, Selje k.  
Hjelle, Stryn k.  
Kvilesteinsvatnet, Vik k.  
Skrivarhellaren, Årdal k.

4	Skilting og skiltstandardar .....	40
	4.1 Standardar .....	40
	4.2 Biletdokumentasjon av eksisterande skilt .....	42
5	Representativitet i tilrettelegginga .....	77
	5.1 Kronologi .....	78
	5.2 Geografi .....	79
	5.3 Kulturminnekategoriar .....	79
6	Strategi: tre løyper gjennom førhistoria i Sogn og Fjordane .....	81
	6.1 Løype 1 – Levekår, tru og tradisjon .....	81
	6.2 Løype 2 – Bonden og garden .....	82
	6.3 Løype 3 – Rikssamling og kyrkjebygging .....	82
7	Automatisk freda kulturminne i kommunale- og andre plandokument .....	83
8	Kostnadsoverslag på tilrettelegging .....	84
9	Kulturminne i Sogn og Fjordane på internett .....	85
10	Kjelder .....	86
11	Vedlegg 1: prioriteringsliste .....	87



# 1. Føreord

Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK) er eitt av regjeringa sine ti etablerte bevaringsprogram og skal vere ei tiårig satsing på skjøtsel og tilgjengeleggjing av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø.

I tilknytning til oppstart av BARK har Riksantikvaren gjeve tilskot til gjennomføring av tilstandsoversyn over arkeologiske kulturminne som er/er ynskte tilrettelagde for publikum. Oppdraget er tredelt, og omfattar:

- elektronisk skjema med informasjon om kulturminne som er/er ynskte tilrettelagde (denne skal inkludere bergkunstlokalitetar om slike er relevante).
- prioritert liste med tre til fem tilretteleggingsprosjekt per kommune (skal ikkje innehalde bergkunstlokalitetar).
- kortfatta rapport

Riksantikvaren ynskte at fylkeskommunen i denne samanhengen gjorde ei heilskapleg vurdering av tilrettelegginga i fylket. Det vart også ynskt fyldig fotodokumentasjon til rapporten.

I regi av Riksantikvaren sitt bevaringsprogram (BARK) har Rådgjevande Arkeologar utført arbeid på oppdrag for Sogn og Fjordane fylkeskommune: utfylling av elektronisk skjema, utarbeiding av prioriteringsliste og utarbeiding av denne rapporten.

Rapporten omfattar ei evaluering av tilrettelagde og planlagt tilrettelagde kulturminne i Sogn og Fjordane. Fokuset er på tilrettelegging meir enn kulturminna i seg sjølve. Han tek utgangspunkt i kulturminne som er tilrettelagde av fylkeskommunen, Bergen Museum, kommunane og andre aktørar, og fylkeskommunen sin handlingsplan for skjøtsel og tilrettelegging av automatisk freda kulturminne frå 1999. Vidare grunnlag har vore innspel frå kommunane i tilknytning til BARK prosjektet. Prioriteringane for framtidig tilrettelegging har vore gjort i tett samråd med Kulturavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune. Berit Gjerland, seniorrådgjevar, har leia arbeidet ved Kulturavdelinga, og vore kontaktperson for Rådgjevande Arkeologar i arbeidet. Ørjan Engedal har utført arbeidet for Rådgjevande Arkeologar.

I rapporten er det forsøkt gjort ei heilskapleg vurdering av tilretteleggingsstatus i Sogn og Fjordane. Lokalitetane er illustrerte med foto, og skilta er dokumenterte samla med nærfoto kap. 4.2. Kronologisk, geografisk og tematisk representativitet i tilretteleggingstrategiane er illustrert med kart. Foto og illustrasjonar er ved Ørjan Engedal om ikkje anna er nemnt biletteksten (foto frå synfaring oktober 2011).

## 2. Automatisk freda kulturminne i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane er mangfaldig frå naturen si side - frå havgap til høgfjell, gjennom fjord og dal. Så også med spora frå førhistoria. Med dei seinare tilskota av nausttuffer og påvising av uttak av emne til steinkrossar i kvernsteinsbrota i Hyllestad, kan fylket skilte med heile 29 kategoriar av automatisk freda kulturminne (jf. Kulturavdelinga 1999):

Bautasteinar	Jernvinneplassar	Nausttuffer
Bygdeborger	Klebersteinsbrot	Runesteinar
Dyrkingsspor	Klosterruinar	Rydningrøyser
Fangstanlegg	Krossbrot	Skålgropsteinar
Gards- og tunanlegg	Kvernsteinsbrot	Steinbrot
Gravminne: gravhaugar/-røyser/-felt	Marknads plassar	Steinkrossar
Hellarar/holer	Mellomalderborger	Tingstader
Helleristningsfelt	Mellomaldervegar	

Pr. 01.07.1998 hadde fylket omlag 1300 automatisk freda kulturminne. Pr. 01.10.2011 hadde Askeladden 2371 hovudpostar i kategorien *arkeologisk lokalitet*, og 2197 hovudpostar i kategorien *automatisk freda*, frå Sogn og Fjordane.

## 3. Gjennomgang av prosjekta

### 3.1 Tilrettelagde kulturminne

Med tilrettelagt er her meint eit minimum av tilrettelagt tilkomst, tilvising og informasjon på staden. Ulike aktørar har vore ansvarlege/er ansvarlege for desse tilretteleggingane:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Universitetsmuseet i Bergen (tidlegare Bergen Museum, Historisk Museum)
- Statens vegvesen
- Riksantikvaren
- Kommunane
- Stiftingar, sogelag, historielag m.m.

I mange tilfelle er tilrettelegginga samarbeidsprosjekt mellom to eller fleire av desse aktørane. Her må det skiljast mellom økonomiske bidragsytarar, fagleg ansvarlege og dei som er ansvarleg for utføringa av tilrettelegginga. Her er vektlagt aktøren som er ansvarleg for utforminga av tiltaket.

Etter omorganisering av kulturminnevernet i 1990, er det fylkeskommunen som har ansvaret for forvaltning, herunder skjøtsel og tilrettelegging, av automatisk freda kulturminne. Unntaka er ståande bygg, ruinar og anlegg frå mellomalder. Fylkeskommunen har hatt fokus på og vidareført planar frå Bergen Museum om tilrettelegging av fleire større kulturminneområde i fylket. Det gjeld særleg Ausevik, Ytre Moa, Vingen og Staveneset. I samband med EU-prosjektet North Sea Viking Legacy produserte og sette fylkeskommunen opp skilt ved sju kulturminneområde knytt til vikingtid og tidleg mellomalder. Det er Selje kloster og steinkrossar ved Rygg i Gloppen, Svanøy i Flora, Korssund i Fjaler, Eivindvik i Gulen, gravhaugar Bale i Balestrand og Ytre Moa i Årdal. I samband med dette arbeidet fekk fylkeskommunen utarbeidd ein eigen skiltmal for kulturminneskilt. Områda er også omtala i Destination Viking. Western Viking Route (Ekman 2001).

Fylkeskommunen har også vedteke ein handlingsplan for skjøtsel og tilrettelegging i 1999: *Eit mangfald mellom kyst, fjord og fjell - Handlingsplan for skjøtsel og tilrettelegging av automatisk freda kulturminne i Sogn og Fjordane* (Kulturavdelinga 1999). Her er den overordna målsetjinga med tilretteleggingsarbeidet skissert som: *eit sentralt verkemiddel i bevaringsarbeidet, i pedagogisk arbeid og i reiselivsverksemd* (ibid: 4). Handlingsplanen frå 1999 omhandla 85 kulturminne, inkludert bergkunst og vedtaksfreda ståande bygg frå mellomalder. Eit mål var å ha sett i gong alle tilretteleggingsprosjekta innan fem år, dvs. innan 2004.

I samband med BARK har ei ny prioriteringsliste vorte utarbeidd, på grunnlag av handlingsplanen og innspel frå kommunane. Denne lista inneheld ikkje bergkunst eller ståande bygg, og omfattar 62 prosjekt/kulturmiljø med eitt eller fleire kulturminne. Mange av prosjekta omfattar meir enn ein hovudpost i Askeladden, og mange hovudpostar omfattar meir enn eitt enkeltminne. Det er såleis planlagt tilrettelegging av mange fleire enn 62 enkeltminne. <sup>1</sup>

<sup>1</sup> Bergkunstfeltene i Vingen er ikkje inkludert i gjennomgangen nedanfor. Det sær sårbar området er tilrettelagt for publikum berre gjennom organiserte omvisingar i sommarhalvåret.



Fig. 1. Skilt, servicebygg og parkeringsplass.



Fig. 2. Oppbygd gangveg.

### 3.1.1 Ausevik

Bergkunstlokaliteten Ausevik i Flora kommune er det største tilretteleggingsprosjektet i fylket, målt i mengde informasjon på staden, tal på informasjonsskilt, tilvisingsskilt langs fylkesveg, bygg og anlegg og økonomi. Prosjektet var eit samarbeid mellom Riksantikvaren, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Universitetet i Bergen (Universitetsmuseet i Bergen) og Flora kommune. Flora kommune har leia prosjektet, eig anlegget og har ansvar for drifta. Publikumsanlegget vart opna juni 2009.

Staden har tilvisingsskilt med attraksjonskringle (brune, kode 640.10) med tekst *Helleristingar* langs Fv. 5 og 542, ved 15km, 8km, 1km og ved siste avkøyrsløse frå fylkesveg. Staden har vidare stor parkeringsplass og servicebygg med toalett for publikum. Frå parkeringsplass og servicebygg går opparbeidd og oppbygd gangveg mot

kulturminnet. Ved byrjinga på gangveg, og godt synleg frå parkeringsplass, står to store, høge og smale skilt: eit velkomstskilt og eit med overordna informasjon om staden. Her er også kart over bergkunstlokalitetar i regionen samt oversynskart over stiar, bygg og stader på lokaliteten. Ved gangvegen, før lokaliteten, er tilrettelagt område med benkar og bord. Gangvegen leiar til rampe i tre i underkanten av sjølve ristingsflatene. Først på rampen, slik at lesaren står vend mot sjøen, står eit høgt og smalt skilt av same standard som dei to ved parkeringsplassen. På rekkverket bortover langs rampen er montert fem mindre skilt, slik at lesaren står vend mot ristingane.

To ulike skiltstandardar er nytta i Ausevik. Dei tre store skilta er montert i stålråmer. Både råde og skilt er i svart, medan tekst og figurar er i kvitt. Teksten har tysk og engelsk omsetjing. Dei fem små skilta er enkle blanke plater i rustfritt stål med svart gravyr, utan råmer. Desse har samandrag på tysk og engelsk. Ausevik er tilrettelagt med mykje og god informasjon: dei store skilta har oversynskunnskap, informasjon om vern, freding og lovverk og om konservering og forvitring av kulturminnet.



Dei mindre skilta er tematiske dukk inn i sentrale sider ved bergkunsthorskinga dei siste tiåra.

Tilrettelegginga har universell utforming. Faldar og anna informasjon for publikum om Ausevik er også tilgjengeleg på internettsidene til Flora kommune.

Servicebygget verkar noko storslege i høve til resten av anlegget. Dette må sjåast i samanheng med det planlagde bergkunstsenteret, som vil ligge midtvegs mellom servicebygget og

helleristingane. Tilrettelegginga per dags dato må reknast som fyrste steg i realiseringa av Vestnorsk Bergkunstsenter. Det som står att er i hovudsak besøkssenter med kafé, butikk og utstillingslokale.

Ausevik er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), men er som bergkunstlokalitet ekskludert i høve til tilrettelegging i regi av BARK.



Fig. 3. Oppbygd gangveg.



Fig. 4. Rampe og ristningsflate.

### 3.1.2 Ytre Moa

Gardsanlegget frå vikingtid på Ytre Moa i Årdal kommune vart arkeologisk granska i 1964-66, og er det andre store tilretteleggingsprosjektet i fylket. Tilrettelegginga er i regi av fylkeskommunen som del av North Sea Viking Legacy prosjektet, trapp og stiar sto klare i 2003 ved Årdal kommune.

Anlegget oppe på Moaterassen har to tilkomstar. Ein eldre, via Fv. 53 og Fv. 301 manglar tilvisingskilt, og leiar til informasjonsskilt nede ved vegen. Parkeringsplass manglar, men eit busstopp ligg tvers over vegen frå skiltet. Frå skiltstaden er det av kommunen bygd ei lang bratt trapp i tre som fører til toppen av terrassen. Ved toppen av trappa møter ein tre stiar som alle fører fram mot kulturminna. Sidan avstandane bort til kulturminna er relativt lange, kunne vitjarar på denne staden gjerne fått tilvising til kortaste sti eventuelt kart over området og stiane. Ein andre og nyare tikomst er opparbeidd i samband med deponi av tunellmassar på 2000-talet, med ny avkøyrsløse, tilkomstveg og parkeringsplass.



Fig. 5. Skilt og trapp til venstre.



Fig. 6. Trapp sett ovanfrå.

Ytre Moa har to informasjonsskilt (det eine tosidig) i fylkeskommunen sin gjeldande skiltstandard. Begge har samandrag på tysk og engelsk. Skiltet som står framme i kulturmiljøet har vidare informasjon om anlegget og ei kartskisse over tunet. I dette kartet har einskildanlegga bokstavkodar A-F. Desse anlegga er markerte i terrenget med påle med bokstavskilt. To av desse skiltpålane har også lite skilt med åtvaring mot å røre tuftene samt tilvising til Lov om kulturminne.



Fig. 7. Tuft med skiltpåle og sitteplass



Fig. 8. Tuft, informasjonsskilt bak til høgre.

Ytre Moa er eit unikt kulturmiljø der det er viktig å skjønne og oppleve samanhengane mellom einskildminna – tunet med hus, anlegg og graver. Kartskissa gjer sitt til å hjelpe vitjaren til denne opplevinga, men ein kunne ynskje enno tydelegare visualisering av samanhengane anten i skilt eller medbrakt faldar. Ytre Moa har oppslag i guideboka frå North Sea Viking Legacy prosjektet (Ekman 2001).

Ytre Moa er med handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999) og er kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå middels, prioritet 1.



### 3.1.3 Vereide



Fig. 9. Rundkøyring, busstopp og informasjonsskilt.



Fig. 10. Rekonstruert gravrøys med informasjonsskilt.

I perioden 1989-1996 vart store arkeologiske granskingar utført på Vereide, Gloppen kommune, i samband med ny Rv. 14. Ei stor mengde buplassar, dyrkingsspor og graver vart granska, og desse er fokuset for tilrettelegginga. Skilttekstane handsamar også gravminne som ikkje er granska og som framleis er synleg i terrenget.

Ved busshaldeplass ved rundkøyring står to store informasjonsskilt ved Statens vegvesen og Bergen Museum, Dei kulturhistoriske samlingane. Teksten er tospråkleg og den engelske teksten er ei fullstendig og direkte oversetjing av den norske. Tett ved den nye riksvegen, med tilkomst frå rundkøyringa via eigen veg ligg ei rekonstruert gravrøys. Denne er tilrettelagt med parkeringsplass og tosidig skilt ved Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune. Skiltet er etter gjeldande standard. Teksten har samandrag på tysk og engelsk på ei side, og meir fullstendige omsetjingar på den andre. Vegen skjer gjennom gravfeltet. Nord for vegen vert



Fig. 11. Del av bevart gravfelt.



Fig. 12. Gravhaugar. Prestegardsløa og bautastein bak til høgre.



gravfeltet beit av husdyr. Kulturavdelinga i dialog med barnehagane om skjøtsel og bruk av feltet sør for vegen.

Tilrettelegginga har universell utforming. Vereide er særskild rik på kulturminne og prosjektet kan med fordel utvidast til å omfatte kulturminne i nærleiken som ikkje var del av vegprosjektet. Fyrst og fremst gjeld dette dei store og godt synlege gravhaugane som ligg på Prestegarden, aust for folkehøgskulen.

Vereide er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999) og er kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå middels, prioritet 1.

### 3.1.4 Modvo



Fig. 13. Snuplass/parkering på Modvo, informasjonsskilt i bakgrunnen.

Audegardsanlegget frå eldre jernalder på Modvo, Luster kommune, vart gravd ut i perioden 1960-62. Tilkomst er frå Fv. 55, via kommunal veg og privat gardsveg. Tilvisingskilt langs veg manglar.

På staden er eit stort dobbelt, tosidig skilt og eit mindre tosidig skilt. Alle er ved Sogn og Fjordane fylkeskommune, Riksantikvaren og Luster kommune, etter gjeldande fylkeskommunal standard. Skilta skil seg ut med mange rekonstruksjonar i fargeplansjer av gjenstandsfunn, gravanlegg, hus og tun. Teksten har

samandrag og fullstendige oversetjingar på engelsk.

Staden ligg på innmark, har eiga inngjerding og er tidvis beiteområde for sau. Det var gjort omfattande skjøtsel på staden i 1991 i regi av fylkeskommunen. Arbeidet vart teke oppatt i 2010 og 2011 som eit samarbeid mellom historielag, kommunen og fylkeskommunen. Staden manglar




Fig. 14. Audegardsanlegget med skilt.




Fig. 15. Spor etter arkeologiske granskingar av anlegg.

tilvisingskilt, og tilkomstvegen kan vere problematisk. Alternativ tilkomst, nedanfrå med sti langs innmarksgjerde, bør utredast.

Modvo er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999) og er kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, ein av fem på nivå stort, prioritet 1.

### 3.1.5 Staveneset

Særeige kulturmiljø med gravrøyser og helleristingar på Unneset, Staveneset, Askvoll kommune. Staden har tilvisingsskilt med attraksjonskringle med teksten *Helleristingar* ved avkøyrse frå Fv. 609 til Fv.363. Mindre parkeringsplass ved vegen. I samband med tilrettelegging tidleg på 1990-talet vart bergkunsten oppmåla, og det vart sett ut informasjonsskilt ved felta i løypa. Dette arbeidet var i regi av Bergen

Museum og Askvoll kommune. Kultursti går gjennom eit definert publikumsområde, med eit utval av dei mange kulturminna på Staveneset. Eldre informasjonsskilt langs stien er fjerna, og staden har no ikkje informasjonsskilt. Ved inngangen til kulturstien står tilvisingsskilt med postkasse med informasjonfaldarar. Løypa er merka med små pelar merka med raudfarge og piler. Helleristingane har tidlegare vore oppmåla, men målinga er ikkje lenger synleg. Ristingane er særst vanskelege å sjå, og sidan dei i hovudsak ligg på flate berg tett ved stien er dei utsette for trakk og skade. Dei mange røysene er enklare å finne og sjå. Universitetsmuseet i Bergen har montert lyssetting for sidelys ved den best kjende ristinga (Stavenesvogna). Det finst ikkje informasjon om denne på staden, og montasjen er også vanskeleg å finne.

Det er gjennomført omfattande vegetasjonsskjøtsel i publikumsområdet frå 2005 i reg av fylkeskommunen. Fjerninga av busker, kratt og grastorv på gravrøysene gjer at dei framstår tydeleg i dag.

Staveneset er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999) og er kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, ein av fem på nivå stort, prioritet 1. Prosjektet inneber ei utviding med fleire gravrøyser i høve til handlingsplanen og eksisterande kultursti.




Fig. 16. Publikumsområdet ved Staveneset, mot sør. Inngang lengst sør ved vegen til venstre. Langrøys ved stranda til høgre for strømmast.



Fig. 17. Gravrøys på Staveneset.



### 3.1.6 Andre tilretteleggingar

#### Fretheim bautapark

Lunden, Flåm, Aurland kommune. Parkanlegg like ved Flåmsbana, laga kring rest av eit større gravfelt. Ein ståande bautastein, truleg over ei grav, er einaste autentiske resten av feltet. Sju



Fig. 18. Bautaparken



Fig. 19. Informasjonsskilt til venstre, ståande bauta til høgre.

bautasteinar, opphavleg frå ei samling på 17 bautasteinar på garden Flåm, arrangerte som benkar og bord i parken. Informasjonsskiltet er ved Historisk Museum, eit enkelt tekststrykk på metallplate. Teksten har samandrag på engelsk.

Tilkomst er frå E16 via kommunal veg langs med Flåmsbana. Dårlege høve for parkering ved parken. Tilvisingskilt langs veg manglar. Tilrettelegginga har element av universell utforming.

Anlegget har liten grad av autensitet, og bruken av bautasteinane som benkar og bord er noko uheldig. Moglegvis let steinane seg reise utan større inngrep, gjerne i sirkel slik dei opphavleg skal ha stått, noko som ville auke opplevingsverdet.

Fretheim er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), men er ikkje kandidat til tilrettelegging i regi av BARK.

#### Fretheim, park

Fretheim, Flåm, Aurland kommune. Parkanlegg i byggjefelt, laga kring rekonstruert hellekiste. Rekonstruksjon ved Bergen Museum. Kista er flytta 4m frå opphavleg stad. Informasjonsskilt på norsk og engelsk ved Bergen Museum.

Kulturminnet er ikkje med handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er ikkje kandidat til tilrettelegging i regi av BARK (Ask ID 60455).

#### Prestegarden

Gravhaug og to gravfelt med til saman fem dels store gravhaugar (Ask ID 25763, 36146, 66697) på Prestegarden, Aurland kommune. Området inngår idag i Sogn jord- og hagebruksskule.

Tilkomst frå E16 via Fv. 243 ved å følge tilvising til Sogn jord- og hagebruksskule. Gode høve for parkering ved skulen. Nokre av haugane inngår i skilta kulturminneløype. Skilta er enkle papirark med kort levetid, laga av skuleungdom.



Fig. 20. Stor gravhaug ved parkeringsplassen til skulen.



Fig. 21. Stor gravhaug med gartneri i bakgrunnen.

Prestegarden er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå middels, prioritet 1.

### Balehaugane

Balehaugane i Balestrand kommune er to store gravhaugar som har vore knytt til Kong Bele, ein karakter i Soga om Fridtjov den Frøkne. Oppe på den største og vestlegaste av dei to rekonstruerte gravhaugane, står ei bronsestatue av ein sitjande Kong Bele, ei gåve frå den tyske keisaren i 1913. På den andre er reist ein bautastein. På staden står eit dobbelt skilt etter fylkeskommunen sin gjeldande standard. Teksten har samandrag på tysk og engelsk.



Fig. 22. Balehaugane, skilt ved gjerde til høgre.

Teksten omhandlar sogestoffet kritisk, dei to attverande haugane, tre fjerna haugar, samt funn som vart gjort i haugane.



Fig. 23. Informasjonsskilt.



Fig. 24. Tilkomst sett frå haugane.



Tilkomst frå Fv. 55, via Kong Beles veg gjennom Balestrand sentrum. Tilvisingskilt med attraksjonskringle (eldre blå/kvit standard). Næraste parkering ved helsetun, men elles gode parkeringstilhøve i gangavstand frå haugane. Tilrettelegginga har element av universell utforming.

Balehaugane er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er kandidat til vidare tilrettelegging i regi av BARK, nivå lite, prioritet 2.

### Veganeset

Lunde, Balestrand kommune. Natursti laga langs tre av gravrøysene på Veganeset (ved fergeleiet). Skjøtselarbeid utført av Statens vegvesen og lokallag, no forfalle og med manglande vedlikehald. Manglar informasjonsskilt. Tilvisingskilt ”natursti” er noko missvisande.



Fig. 25. Natursti byrjar med treskilt ved furu til høgre.



Fig. 26. Skilt ”Natursti”.



Fig. 27. Restar av utgravd røys ved furua på toppen av utsprengd berghammar.

Fig. 28. Første røysa synleg frå biloppstillingsplassen.



Tilkomst er god like ved fergeleiet på Dragsvik.

Veganeset er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå middels, prioritet 1. Prosjektet bør då omfatte informasjonsskilt ved fergeleiet. Prosjektet bør om mogleg utvidast til å omfatte dei to større røysene på Tjugum ute på neset, samt restane etter den utgravde sjette røysa ved biloppstillingsplassen for fergeleiet.



Fig. 29. Den største røysa, lengst ute på Veganeset.



## Botnane

Gravrøyser, Bremanger kommune. Fleire større og mindre gravrøyser langs stranda. Delvis tilrettelagde som del av Nordsjøløypa med tilvisingskilt i tre. Dette gjeld: "Gravrøysa vika", "Sørbotnstranda", og "Søre Røysa". Ved "Nordre røysa" står informasjonsskilt om denne og fleire av dei andre røysene. Skiltet er enkelt, på plastlaminert papir bak plexiglas, ved Bremanger kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune, frå 1995. Nærleiken til havet og eit dramatisk landskap lite prega av moderne utbygging, gjev området stor attraksjonsverdi. Tilkomst frå Fv. 614, via Fv. 577.

Botnane er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå middels, prioritet 1. Prosjektet vil då inkludere fleire av røysene, samt fleire steinalderbuplassar i nærleiken.



Fig. 30. Skilt "Sørbotnstranda", gravrøys bak til venstre.



Fig. 31. Nordre røysa med informasjonsskilt.



Fig. 32. Tilvisingskilt.



Fig. 33. Tre gravrøyser på Sørbotn.

## Myklebusthaugane

Stor gravhaug, "Rundehågjen", i Nordfjordeid sentrum, Eid kommune.

Denne er ein restaurert rest av eit større gravfelt med fem haugar. Informasjonsskilt på staden. Haugen ligg ved E 39, men har tilkomst frå sentrum, parkeringsplass ved skiltet.

Skiltet er stort, høgt og smalt, dobbeltsidig, ved Sogn og Fjordane fylkeskommune og Eid kommune i regi av North Sea Viking Legacy, etter gjeldande fylkeskommunal standard. "Rundehågjen" med den

kjende skipsgrava samt dei fjerna gravminna er fokus for skiltet. Teksten har samandrag på tysk og engelsk. Tilrettelegginga har element av universell utforming.

På staden for den no fjerna gravhaugen "Skjoratippen", på andre sida av E39, står ein moderne minnestein til minne om utgravingane til Håkon Shetelig i 1903.



Fig. 34. "Rundehågjen" med parkeringsplass og skilt.



Fig. 35. Minnestein på restane av "Skjoratippen".



Fig. 36. E39 med "Rundehågjen" til høgre, "Skjoratippen" til venstre.

Myklebusthaugane er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er kandidat til vidare tilrettelegging i regi av BARK, ein av fem på nivå stort, prioritet 1. Prosjektet inkluderar då kringliggande kulturminneområde som dei andre gravhaugane, mellomalderkyrkjestaden, gardstunet like ved mm., og dannar basis i det pågåande prosjektet SAGASTAD.

## Midthjell

Kopi av steinkross, reist på den opphavlege krossstaden på Midthjellstranda. Originalen finst på Universitetsmuseet i Bergen. Kopien vart reist i 1994 i samarbeid mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen. Staden er laga til rasteplass. Informasjonsskilt på staden ved fylkeskommune og Statens vegvesen.



Fig. 37. Krosskopien på Midthjell (foto: NRK fylkesleksikon, Ottar Starheim).



## Korssund



Fig. 38. Skilt og kross med Korssundet bakom.




Fig. 39. Korssundet med kross og skilt oppe til høyre.

Tilrettelegging av steinkross ved Korssund, Fjaler kommune. Tilvisingsskilt med attraksjonskringle frå Fv. 65 (eldre blå/kvit standard). Tilrettelegginga er i regi av fylkeskommunen som del av North Sea Viking Legacy prosjektet. Informasjonsskilt står ved krossen. Skiltet er etter gjeldande standard med samandrag på tysk og engelsk. Tilrettelegginga har element av universell utforming. Parkering ved butikk i nærleiken.

Krossen er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999) og inngår i prosjekt Korssund som kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå middels, prioritet 1. Prosjektet inkluderar då krossen, sundet og leia som tradisjonslokalitet, samt gravrøyser og steinalderbuplassar påviste langs sundet.

## Svanøy

Tilrettelegging av steinkross på Svanøy, Flora kommune. Krossen står inne på kyrkjegarden. Tilrettelegginga er i regi av fylkeskommunen som del av North Sea Viking Legacy prosjektet. Informasjonsskilt står på kyrkjegarden, og er etter gjeldande fylkeskommunal standard. Teksten har samandrag på tysk og engelsk. Tilkomst med båt/bilferje frå Florøy, fylkesveg til kyrkja. Krossen er ikkje med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), men er no kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå lite, prioritet 2.



Fig. 40. Krossen på Svanøy kyrkjegard (foto: NRK Sogn og Fjordane, Thomas Hellum).

## Hornnes

Lokaliteten ligg på grøntareal i randsonen til bustadfelt, på Hornnes, Førde kommune. Ein bautastein samt resultat frå arkeologiske granskingar i samband med bustadfelt og industri i 1995-96 og 2005, er fokuset for tilrettelegginga. I alt kom spor etter 15 bygningar for dagen ved granskingane. Kulturminneområdet er heilt utbygd. Informasjonsskiltet er ved kommunen i samarbeid med

fylkeskommunen frå 2011, etter gjeldande fylkeskommunal standard. Skiltet er tosidig med oversetjingar til tysk og engelsk.

Tilkomst frå Rv. 5, via kommunal veg. Lite plass for parkering, tilvisingsskilt manglar langs vegen. Tilrettelegginga har universell utforming.

Hornnes er ikkje med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er heller ikkje kandidat til tilrettelegging i regi av BARK.



Fig. 41. Informasjonsskilt og bauta på Hornnes.

### Sande

Gravhaug på Stedja, Gaular kommune. Gravhaugen ligg tett ved E 39 og Sande sentrum, gode høve for parkering ved stor busshaldeplass. Eldre informasjonsskilt ved Gaular kommune og fylkeskommunen, etter kommunal skiltstandard, står tett i gravhaugresten. Skiltet er ei enkel lita informasjonstavle montert i smijarnsstativ.



Fig. 42. Gravhaug og skilt til høgre for granene.



Fig. 43. Gravhaug og skilt, riksvegen til høgre.

Kulturminnet har ikkje tilvisingsskilt, men er kartfesta som attraksjon på kommunen sine skilttavler som står fleire stader i kommunen.

Sande er ikkje med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), men er no kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå lite, prioritet 3.

### Bygstad

Gravhaug og mellomalderkyrkjegard på Bygstad, Gaular kommune. Haugen ligg synleg frå fylkesveg, men i dyrka mark. Avgrensa tilkomst i vekstsesongen, særskilt uheldig sidan informasjonsskiltet står på sjølve haugen. Eldre informasjonsskilt ved Gaular kommune og fylkeskommunen, etter kommunal skiltstandard; enkel lita informasjonstavle montert i smijarnsstativ. Mellomalderkyrkjegarden ligg på andre sida av vegen, tett ved gardstunet. Her står





Fig. 44. Gravhaug, utsyn mot tilkomstveg. Kyrkjegarden ligg til bak og til høgre for rundballane.



Fig. 45. Kyrkjegarden, skilt ved gulna bøk til venstre. Gravhaugen til venstre for kvitt hus i bakgrunnen.

skilt av same standard som ved haugen, plassert inne på kyrkjegarden. Ruinar av mellomalderkyrkja er godt synleg.

Kulturminna har ikkje tilvisingsskilt, men er kartfesta som attraksjonar på kommunen sine skilttavler som står fleire stader i kommunen.

Både kyrkjegarden og gravhaugen er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er no kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå middels, prioritet 1.

## Osen

Osen gard, Gaular kommune. Stort informasjonsskilt ved kommunen i samarbeid med fylkeskommunen frå 2011, etter gjeldande fylkeskommunal standard. Stor skiltråme med 4 doble



Fig. 46. Frå fylkesveg. Osen gard med skilt markert.



Fig. 47. Informasjonsskilt. Elva til venstre, tilkomstveg rett fram og riksvog i bakgrunnen.

informasjonstavler. To av desse omhandlar arkeologiske funn: steinalderfunn, fjerna gravfelt frå jernalder og fem hus frå yngre jernalder og mellomalder påviste ved arkeologiske granskingar i 2001-2002. Teksten har samandrag på tysk og engelsk. Andre tema er elva Gaula, laksetrappa i Osfossen, Osen naturreservat, det freda hovudbygget på garden, Osen som borgarsete og tingstad og Osen som tusenårstad for Gaular kommune. Skiltet står på betongplattung ved elva. Tilkost frå Fv. 57 via separat veg langsmed elva som ikkje kjem nær tunområdet. Tilrettelegginga har universell utforming.

Osen er ikkje med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er heller ikkje kandidat til tilrettelegging i regi av BARK.



## Rygg



Fig. 48. Ryggøyra med kross og skilt til venstre for husa.



Fig. 49. Kross midt i biletet.

Steinkross ved elveosen på Ryggøyra, Rygg, Gloppen kommune. Tilrettelegginga er i regi av fylkeskommunen som del av North Sea Viking Legacy prosjektet. Skilt på staden etter gjeldande fylkeskommunal standard. Skiltet har samandrag på tysk og engelsk.

Tilkomst på grusveg frå Fv. 615, parkeringsplass ved eldre strandbygningssmiljø. Traktorveg leiar frå parkeringsplass til kulturminnet.

Tilrettelegginga har element av universell utforming. Krossen er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), men er ikkje kandidat til tilrettelegging i regi av BARK.



Fig. 50. Steinkrossen på Rygg.

## Gulatinget

Tradisjonslokalitet, opphavleg tingstad i tradisjonen knytt til både Eivindvik og Flolid; no tilrettelagt på Flolid, Gulen kommune. Staden er utvald som tusenårsstad for fylket og har fått ei større tilrettelegging med monumentalkunst,

opparbeidde vegar, parkeringsplass, servicebygg og utandørsamfi, i regi av kommunen i samarbeid



Fig. 51. Servicebygg med informasjonsskilt.



Fig. 52. Monumentalkunst og utandørsamfi.

med fylkeskommunen. Tilkomst frå Fv. 7, med tilvisingskilt ved 11km, 10km, 1km, og siste avkøyrse frå fylkesveg, med attraksjonskringle (eldre svart/kvit standard). På veggen på servicebygget er montert skilt ved Sogn og Fjordane fylkeskommune, Gulen kommune og Tusenårstaden i Sogn og Fjordane GULATINGET, etter gjeldande fylkeskommunal standard (men utan rammeverk): to høge, smale, tettstilte skiltplater. Tekst med tysk og engelsk omsetjing.



Fig. 53. Monumentalkunst og scene.

Tilrettelegginga har universell utforming.

Gulatinget som tradisjonsminne er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999) og er kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå middels, prioritet 1, men då med lokalisering til Eivindvik. Prosjektet inkluderar då Gulatinget, mellomalder-kyrkjestaden og dei to steinkrossane i Eivindvik.

## Eivindvik



Fig. 54. Kross framfor Eivindvik kyrkje.



Fig. 55. Informasjonsskilt med "Krossteigen" bakom.

Tilrettelegging av to steinkrossar i Eivindvik, Gulen kommune. Den eine krossen står på utsida av kyrkjegardsmuren, medan den andre står i "Krossteigen", bratt dyrka mark synleg frå kyrkja. Tilrettelegginga er i regi av fylkeskommunen som del av North Sea Viking Legacy prosjektet. Informasjonsskilt er etter gjeldande standard og står ved parkeringsplassen under "Krossteigen", ved NAV-kontoret. Skiltet er høgt, smalt og tosidig, med samandrag på tysk og engelsk. Krossane inngår begge i kulturstiar, godt skilta frå Eivindvik sentrum og kyrkja. Tilvisingskilt langs Fv. 7, Eivindvik merka med attraksjonskringle (eldre svart/kvit standard). Tilrettelegginga har element av universell utforming.

Krossane er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999) og inngår i prosjekt Gulating som kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå middels, prioritet 1. Prosjektet inkluderar då både Eivindvik og Flolid: Gulatinget, mellomalderkyrkjestaden og dei to steinkrossane.



## Karnillshaugen



Fig. 56. Karnillshaugen og Karnillstunet.



Fig. 57. Tilvisingskilt.

Største gravhaugen på Vestlandet, Hauge, Gloppen kommune. Haugen ligg i Karnillstunet, eit eldre gardstun helde i hevd av Stiftinga Karnillstunet. Låvebygg ligg tett i øvre kant av haugen. På staden står informasjonsskilt.



Fig. 58. Haugen med skiltmonter/skilthus i framgrunnen.

Skiltet er enkelt, på papir bak glas i tremonter. To ark informerar om Karnillshaugen og andre storhaugar i Gloppen. Her også haugane på Vereide nemnde. Ansvarleg for skiltinga er Stiftinga Karnillstunet.

Tilkomst frå kommunal veg som går parallelt med-, og mellom, ny E39 og Fv. 700. Tilvisingskilt med attraksjonskringle ved siste avkøyrsløse frå kommunal veg (eldre, kvit/svart standard) med tekst "Karnillshaugen". Tilvisingskilta fungerer dårleg i høve til dagens

hovudfartsåre E39. Tilrettelegginga har element av universell utforming.

Karnillshaugen er ikkje med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er heller ikkje kandidat til tilrettelegging i regi av BARK.



Fig. 59. Gravhaug i rundkøyring.

### Evebø

To gravhaugar på Ulvesbakken, Gloppen kommune. Rest av eit gravfelt med minst sju gravhaugar langs gammal rideveg (Gota). Dei ligg fremst på terrassekanten, no sær innbygde av bustadfelt, men utsynet mot sjøen og sentrum under er bevart. Den eine haugen er restaurert og gjort til rundkøyring i tunet på privat bustad, den andre ligg tilgrodd og utilgjengeleg i hage bak gjerde. Hjørne på bustadhus står i haugen. Ved vegen mellom dei to haugane står informasjonsskilt, sett opp i samband med kultur-

og natursti frå Sandane mot Breimsvatnet. Skiltet er av sær enkel standard og av eldre dato,

plastlaminert papir bak glas i tremonter. Eitt av tre oppslag tek for seg dei to gravene, medan dei to andre fokuserar på geologiske og topografiske endringar etter istida. Skiltet er utdatert i høve til skiltstandard og nyare arkeologiske granskingar i nærområdet. Tilkomst på små vegar utan tilvising gjennom tettbygd bustadfelt. Tilrettelegginga har universell utforming.

Evebø er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå middels, prioritet 2. Prosjektet bør då ha nye og fleire skilt med omfattande informasjon om dei opphavlege gravfelt, gravfunna, og arkeologiske granskingar av samtidig storgard på same terrassen. Desse bør samlast på ein stad med betre tilkomst og betre parkeringstilhøve. Den gamle ferdselsvegen Gota og kapell frå mellomalder kan inngå i ei slik kultuminneløype.



Fig. 60. Informasjonsskilt med rest av gravhaug bak hekken.

### Hyllestad gamle kyrkjegard



Fig. 61. Tilkomst gjennom porten. Kross montert i hjørnet på steingarden til venstre (søraustleg hjørne).



Fig. 62. Kyrkjegarden, med ruin frå andre verdskrig. Utsyn frå søraustleg hjørne.

Mellomalderkyrkjegard med fire steinkrossar på Hyllestad, Hyllestad kommune. Staden har tilvisingsskilt med attraksjonskringle (eldre svart/kvit standard) ved avkøyrsløp frå Fv. 607, og ved inngang til eldre steinsett kyrkjeveg frå kommunal veg, med tekst *Hyllestad gamle kyrkjegard*. Kyrkjegarden ligg tett ved gardstun. Staden har ikkje informasjonsskilt.

Kyrkjegarden er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå lite, prioritet 2 (Hyllestad I). Ei framtidig tilrettelegging må samkøyrast med tiltak ved evt. UNESCO - status for kvernsteinsbrota.

### Kvernsteinsparken i Hyllestad

Kvernsteinsbrot på Myklebust, Hyllestad kommune. Brota er tilrettelagt i Kvernsteinsparken, med naturstiar, informasjonsbygg, smie, andre bygg, areal og anlegg for steinhogging til forskning og formidling. Her er og utstilt ei kvernsteinslast henta opp frå Alverstraumen i 1990. Organisert guiding i sommarhalvåret. God tilkomst med nye vegar og parkeringsplass. Kvernsteinsparken er





Fig. 63. Informasjonsbygg til venstre, kvernsteinsparken inne i skogholtet bakom.



Fig. 64. Skilt i opa avdeling i informasjonsbygget.

tusenårsstad for Hyllestad, og vart opna i 2002. Omfattande informasjonsskilting med sju høge, smale skilt, under tak ved informasjonsbygget med automatisk lyssetting. Skilta er utarbeidde av kommunen/Hyllestad sogelag, med fleire økonomiske bidragsytarar. Informasjon er også tilgjengeleg på internettsidene til Norsk Kvernsteinsenter ([www.kvernstein.no](http://www.kvernstein.no)). Tilvising frå riksveg med attraksjonskringle (eldre svart/kvit standard). Tilrettelegginga har element av universell utforming.

Kvernsteinsparken er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er no kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå middels, prioritet 1 (Hyllestad II). Prosjektet omfattar då ei utviding med fleire brotstader. Ei framtidig tilrettelegging må samkøyrast med tiltak ved evt. UNESCO - status for kvernsteinsbrota.



Fig. 65. Baldersteinen, informasjonsskilt og austre del av gravplass.

### Baldershagen

Eksisterande tilrettelegging av Baldersteinen (bautastein) på Husabø, Leikanger kommune, vart utvida til Baldershagen etter arkeologiske gravingar i 1996 i samband med ny gravplass like ved. Her vart avdekkja eit gravfelt frå jernalder, og to av gravrøysene er rekonstruerte på gravplassen som del av Baldershagen.

På staden står eit stort dobbelt skilt ved Sogn og Fjordane fylkeskommune og Leikanger kommune, etter gjeldande

fylkeskommunal standard. Tekst med samandrag på tysk og engelsk. Skilta tek for seg både det nyfunne gravfeltet og Baldersteinen.

Tilkomst frå Rv. 55, tilvisingskilt med attraksjonskringle (eldre, blå/kvit standard) med tekst *Baldersteinen*. Alternativ tilkomst frå sjøsida og gamlevegen med port til gravplassen. Tilrettelegginga har universell utforming.



Fig. 66. Baldershagen sett frå sjøsida.



Fig. 67. To rekonstruerte gravrøyser.

Prosjektet er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), men er ikkje kandidat til tilrettelegging i regi av BARK.

### Dragseidet

Tradisjonslokaltet knytt til Olav Tryggvasson og samferdsle i vikingtid generelt. Tilrettelegginga omfattar ein moderne steinkross og fire mindre steinar, reist i 1913 til minne om Olav Tryggvasson sitt kristningsting i 997. I samband med 1000 års markeringsmerkinga gjorde Statens vegvesen ei tilrettelegging av lokaliteten med mellom anna skilt og sitjeplassar.



Fig. 68. Moderne minnekross og –bautasteinar på Dragseidet (foto: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Hermund Kleppa).



Fig. 69. Rasteplass med skipsform (foto: Statens vegvesen, Kurt Skagen).



## Nornes



Fig. 70. Utsyn frå "Orhaugen", topp av minnestein synleg.



Fig. 71. Tretrapp med grunder opp til haugen.

Nornes, Sogndal kommune. Tradisjonsminne knytt til Slaget ved Fimreite i 1184. Minnestein/bauta over slaget ved Fimreite, avduka av Kong Olav i 1984, reist ved gravrøysa "Orhaugen" (Ask 6498). Trapp/gangveg i treplank og singel frå parkeringsplass ved sjøen til toppen av haugen, ved Sogndal

kommune 1999. Askeladden er ikkje oppdatert med fjerning av telefonstolpe som sto i røysa og bygging av trapp. Manglar informasjonsskilt, gravhaugen vert ikkje nemnd i tilvisingskilta.

Tilkomst via kommunal veg frå Rv. 55. Tilvisingskilt langs riksveg med attraksjonskringle (eldre blå/kvit/svart standard) 300m frå avkøyrsla med teksten *Slaget ved Fimreite i 1184* og ved avkøyrsla.

Nornes er ikkje med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er heller ikkje kandidat til tilrettelegging i regi av BARK.



Fig. 72. "Orhaugen" og minnesteinen.

## Stedje

Runestein ved Stedje kyrkje, Sogndal kommune. Informasjon om steinen er integrert i skilt inne på kyrkjegarden. Skiltet tek for seg mellomalderkyrkja på Stedje, runesteinen samt arkeologiske funn gjort i samband med utviding av kyrkjegarden i 1992. Sjølvje runesteinen er no plassert utanfor kyrkjegarden, ved sida av vegen, men skild frå vegen med kjettinggjerde.



Fig. 73. Inngjerding og runestein.



Skiltet er montert bak glas i tremonter, etter kommunal standard for kulturminne og attraksjonar. Tilkomst ved å følgje tilvising frå riksveg til Stedje kyrkje. Tilrettelegginga har element av universell utforming.



Fig. 74. Informasjonsskilt.



Fig. 75. Runesteinen på terrassekant, utsyn over Sogndal.

Stedje er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå lite, prioritet 2.

### ”Lusakaupangen”

Kjøpstad frå yngre jernalder og mellomalder i Kaupanger, Sogndal kommune. Inngår som del av North Sea Viking Legacy prosjektet, men skilting er ved Statens vegvesen. Kaupangen er påvist ved arkeologiske granskingar og har ikkje synlege kulturminne. Kjøpstaden har truleg lege mellom fjorden og kyrkja, og inngår såleis i kulturmiljø med Kaupanger stavkyrkje og Kaupanger hovudgard (nyare tids kulturminne). Tilkomst frå Rv. 5.

Informasjonsskiltet har tekst med tysk og engelsk omsetjing (?).

”Lusakaupangen” er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå middels, prioritet 1.



Fig. 76. Kaupanger, stavkyrkja markert (Fylkesatlas.no).



## Fridtjovsparken



Fig. 77. Fridtjovsparken over Sognefjorden og Vangsnes.



Fig. 78. Parken med skiltstativ.

Vangsnes, Vik kommune. Park rundt bronsestatue av hovudkarakteren i Soga om Fridtjov den Frøkne, ei gåve frå den tyske keisaren i 1913. Informasjonsskilt står nede ved fergekaia, teksten



Fig. 79. Dei to gravrøysene til venstre, sokkel til statue til høgre.

omhandlar berre soga, tradisjonen og statua. Skiltet er av eldre dato, teksten på norsk, engelsk og tysk. Manglar informasjon i det heile i eller ved parken.

Godt synleg innanfor parken ligg to gravrøysar, "Ingeborgs haug" og den utgravde og restaurerte "Ryggjahaugen/Fridtjovs haug". Desse er restane av eit gravfelt med minst fire graver (Ask 25661,120564). To av dei gav funn frå vikingtid. Ingen av gravene er nemnde i informasjonsskiltet.

Tilvisingskilt på Rv. 13 ved fergekai og langs kommunal veg, med attraksjonskringle (eldre blå/kvit/svart standard). Parkeringsplass og anlegg for skilt (bilete av området) tett ved parken. Tilrettelegginga har universell utforming.

Her er to kulturminne som er tilrettelagde med tilkomst, tilvising, parkering, men som manglar informasjon. Ved parken kunne setjast opp eit skilt som tek for seg sogestoffet kritisk, og dei faste automatisk freda kulturminna, samt fjerna gravminne og gjenstandsfunn. Vangsnes er ikkje med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999), og er heller ikkje kandidat til tilrettelegging i regi av BARK.

### 3.1.7 Ståande bygg frå mellomalder

Handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999) inkluderar ei rekkje stavkyrkjer, steinkyrkjer, kloster og gardsbygg frå mellomalder. Det dreiar seg om stavkyrkjene i Kaupanger i Sogndal kommune, Undredal i Aurland kommune, Hopperstad i Vik kommune, Urnes i Luster kommune og Borgund i Lærdal kommune; steinkyrkjene på Hove i Vik kommune, Kvamsøy i Balestrand kommune, Dale i Luster kommune og Kinn i Flora kommune; klosteret på Selja, Selje kommune; og gardsbygg frå Reknes ytre i Eid kommune, Lunde i Gaular kommune, Føleide i Gloppen kommune, Grothaug i Hornindal kommune, Støylen i Jølster kommune, Innvik Prestegard i Stryn kommune, og Myklebust og Indre Nore i Vågsøy kommune. Nokre av desse er automatisk freda medan andre er vedtaksfreda.

Dei fleste av kyrkjene og klosteret på Selja er tilrettelagde og er velkjende turistmål. Urnes stavkyrkje er på verdsarvlista til UNESCO. Sjølv om desse bygga er sentrale i overordna strategiar for tilrettelegging og formidling av kulturhistorie, vert dei ikkje presenterte nærare i denne rapporten, sidan det er Riksantikvaren som er ansvarleg styresmakt i desse sakene.

## 3.2 Prioriterte prosjekt utan eksisterande tilrettelegging

I tilfelle utviding eller oppgradering av eksisterande tilrettelegging er desse tekne med over. Prosjekta nedanfor er dei som er rangert øvst i kvar kommune, og som ikkje allereie er nemnde over. Det vil seie prosjekt som er prioriterte kandidatar til BARK, utan eksisterande tilrettelegging. Rekkefølga er alfabetisk etter kommunen, først kandidatar med 1.prioritet, deretter 2.prioritet. For kandidatar med lågare prioritet vert det vist til prioriteringslista (Vedlegg 1).

### Brandsøysundet



Fig. 80. Flyfoto av Brandsøysundet med automatisk fredda kulturminne (Fylkesatlas.no)

Steinalderbuplassar, bergkunst, gravminne og mellomalderkyrkjestad ved Brandsøysundet, Flora kommune. Mangfaldig kulturmiljø med stor tidsdjupne langs med sund som representerer eldgamale ferdslelei. Prosjektet treng ein utvalsprosess mellom anna for å prioritere *in situ* lokalitetar.

Brandsøysundet er med i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999) og er kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, ein av fem på nivå stort, prioritet 1. Prosjektet inkluderar ei utviding frå handlingsplanen med bergkunst, gravrøyser og mellomalderkyrkjestad.

### Vie

Gravfelt med i dag 16 gravrøyser som har vore del av eit større gravfelt (Ask ID 64082), Førde kommune. Røysene ligg i dyrka mark nær kommunal veg. Vie er med i handlingsplanen



(Kulturavdelinga 1999) og er kandidat til tilrettelegging i regi av BARK, nivå middels, prioritet 1.



Fig. 81. Søraustlege del av gravfeltet på Vie, mot nordvest.



Fig. 82. Røys nær vegen på Vie, mot nordaust.

Prosjektet inkluderer ei utviding frå handlingsplanen med nyregistrert gardstun frå eldre jarnalder på same terrasse og eit nyregistrert gravfelt lenger nordvest.

Det er få skriftlege kjelder som kan fortelje kor lenge det har stått kyrkje her. Berre arkeologiske utgravingar kan gje oss svar om det har vore noko her i førkristen tid, men det ligg nær å tenkje seg at det kan ha vore ein kultstad her, kanskje eit gudehov på Bygstad. Då kristendommen kom til Noreg, bygde folk ofte dei nye kyrkjene i nærleiken av gamle hov og på stormannsgardane.

Bergen Kalveskinn frå 1350 fortel om ei kyrkje som hadde vore etablert ei god tid. Korleis den såg ut, veit vi ikkje. Men frå omkring år 1100 var det vanleg med stavkyrkjer. Inne på kyrkjegarden finn vi muren etter 'nykyrkja', bygd i 1845 og flytta til Eide i 1939. Den eldgamle stavkyrkja stod omlag på same grunnmur, men hadde i tillegg eit heller stort kor på 10 x 10 alen. Tomta er no dekkja med plast og grus for å verna ho for komande tider.

Bruken av Bygstad gamle kyrkjegard går attende til mellomalderen. Her vart folk gravlagde, på kyrkjebakken fekk ein vita siste nytt, og her las presten opp meldingar frå det offentlege. Og gapestokken stod her, ein ny kom opp i 1689.



Frå først av var det ikkje strenge reglar for nedsetjing av kister. Men etter 1843 vart det påbudt at 'alle Lig skulle nedsettes i bestemte Linier', og gravtuene låg no på rekke og rad. Mange var utan gravminne eller med ein trekross på. Kart over gravene finst ikkje.

Den eldste gravsteinen som vart funnen ved registreringa i 1992, er frå 1816. Den eldste malmkrossen er minnet over Jens

Rennord (1780-1846) som var prost og sokneprest i Indre Holmedal. Han var eigar av Bygstad Kyrkje og stod for bygging av den nye kyrkja i 1845, men døydde før ho vart vigsla. Seinare vart gravplassen prega av gravminne av sement med glas-namneplate, marmorplater og naturstein. Tidens tann har fare hardt med mange, men dei som har namn på seg, står der det vart funne.

Muren rundt gravplassen er bygd i 1847 av kyrkjelyden, delt i 10 roder a 11 mann. Seinare kom utvidingar av kyrkjegarden mot vest med flytting av mur i 1863 og 1877. Portane vart skjenka av prost Rennord.

Siste gravferd på Bygstad var i 1937. Gravplassen på Eide vart vigsla i 1916. Kyrkjegarden på Bygstad vart halden ved like til fram mot 1960. Sidan den tid tok ingen ansvar for han, men etter år med sterkt forfall vart han sett i stand som 'kulturminne frå mellomalderen' i 1984-1996. Formelt vart Bygstad gamle kyrkjegard nedlagt i 1994 og er automatisk freda i medhald av Lov om kulturminne.

SKULE-/KULTURETATEN  
GAULAR KOMMUNE

KULTURSEKSJONEN  
SOGN OG FIORDANE FYLKESKOMMUNE

Fig. 154. Bygstad, kyrkjegarden.



# HYLLESTAD

## HER FINN DU "LIVETS STEINAR"

**Kvernsteinbrota i Hyllestad er eit nasjonalt kulturminne. Gjennom hundrevis av år, truleg heilt frå den yngre jernalder (kring 700 e. Kr.), fram til aktiviteten ebba ut i siste halvdel av 1800-talet, var det kvernstein-hogging i stort omfang i Hyllestad: kvernstein til handkverner, vasskverner og bygdemøller. Storleiken varierte frå 30 til 140 cm. Andre produkt av granittlimmerkiferen var m.a. steinkrossar, hørestenar, kistek og drøkkekar av stein.**

**Vi ser kanskje for oss skjegete og brokastline husmenn og gardmenn som sat og mesla ut store og små kvernstein, særleg på Rønest, Berge og Myklebust. Utskiping av stein i gjekk med songepløker, fiskekveipar og andre høvelege båtar frå t.d. Oringneset og Myklebustneset til Bjørgvin og vidare ut i verda. Truleg hadde vikingane på landnåmsferd i vester- og austerveg handkverner med både til Færøyane, Island og vidare til Vinland, ja, kanskje også til Gaidarke og Holmgard (Russland).**

**I Kvernsteiparken vil ein freiste å formidle kunnskap om denne skareigne bergverkstradisjonen: om råstoffet, omfanget av aktiviteten, drifta, arbeidsmetodikk, verktøybruk, transportmåtar og utskiping av steinprodukt.**

**Handverkstegret på Mahaugen har ved film og skriftleg materiale også dokumentert kvernsteinhogginga i Hyllestad for ettertida. Ei havarett skipplast med kvernstein, funnen i Alverstrømmen i 1990, er heimfört til Hyllestad. Detlar av latta er utstillt her i informasjonsbodas.**

**For Hyllestad vil den gamle steinindustrien stå sentralt, og han vil ligge i botn for profilering av andre kulturhistoriske minner i kommunen og distriktet. Her kan nemmas "Den trøndhjemske postveit", kvernhusa i Skor, og den vakre naturen som finst, ikkje minst det særmerkte og majestetiske fjellet, Lihstein.**

### Kvernsteinsberg

*Her det seg emno minnet  
Kvernsteinbrota i Berge,  
her har det hogge  
sund hogtisse hender  
handkvern til Berg Løtmer  
og andre limmedre.  
Til mann og kvinne.*

*Ingen ser betre  
sin slagarung  
ei ikkje alle emne  
kan det bli moko av.  
Vi ikkje alle kan sette  
slagarung store kvav.*

*Stavn bli aldri  
kvis or berget,  
Andre blir hogne sand  
te frå og alvengd.  
Men handkvern kverner  
går og mei korn til mjøl,  
Hj ångende, vortrike hord,  
Hj mette og mat i maun.*

*Jan-Magnus Bruheim*



*Løtmer minar seg megjestrått over fjellene,  
for seg handkvern, slott og fiskevann  
Løtmer minar megjestrått over fjellene, slott og fiskevann  
Løtmer minar megjestrått over fjellene, slott og fiskevann  
Løtmer minar megjestrått over fjellene, slott og fiskevann*

*Etta vass springt gjennom  
Kvernsteinbrota.  
The water was severely through  
the millstone Park.  
Det fiskevann slottet  
minar om Millsteiparken.*

### HERE ARE THE "STONES OF LIFE"

The mill stone quarries at Hyllestad represent a National Cultural Memorial. During hundreds of years probably from the late Iron Age (about 700 through the Middle Ages), until the activity ebbed away in the latter half of the 19th century, there was extensive millstone carving at Hyllestad: millstones for handmills, water mills, and regional mills. The sizes varied from 30 to 140 cm. Other products of granite mica slate were stone crosses, millstone stones, and docking vessels of stone. You can imagine bearded, ragged cutters and farmers from Rønest, Berge, and Myklebust sitting there, carving out big and small millstones. The transport of all the stone objects was carried out by free-voar lock log-boats and other suitable vessels from e.g. Oringneset to Bjørgvin (now Bergen) and then shipped, probably the Viking look with their handmills, to such westwards to the Faeroe Islands, Iceland, and then further to Vinland, and also, the opposite direction, eastward to Holmgard (Newgrout) and other places in Russia.

In the Millstone Park we try to convey knowledge of this particular mining tradition, the raw material, the extent of activity, operational and working methods, how to use tools, and ways of transport of all the stone products. The Trade Registry at Mahaugen gives proof of the old millstone production by means of films and texts in writing.

A wrecked ship cargo with millstones, found in Alverstrømmen (1990), has been brought back to Hyllestad. Parts of the cargo will be found in the exhibition.

The old stone industry will be central, and indeed, constitute the basis in Hyllestad for other cultural memorials in the district: the Trøndhjemske Postveit, the mills at Skor, the beautiful countryside, and last but not least, the very special mountain, Lihstein.



*I Hyllestad kan du finne ut om kvernstein og kvernsteinindustrien. Her kan du finne ut om kvernstein og kvernsteinindustrien. Her kan du finne ut om kvernstein og kvernsteinindustrien.*

*Millstone har ein mangfaldig historie.  
Grunnsteinen, der kvernstein vart hogge,  
var ein av dei i land fjellene.  
I Hyllestad har ei variert produksjon. Den gamle stein  
vart brukt til mange ulike ting, som  
fiskevann og fiskevann.  
Millstone har ein mangfaldig historie. Den  
Grunnsteinen vart hogge, og der  
Millstone vart brukt til mange ulike ting.*

### HIER FINDET MAN "DIE STEINE DES LEBENS"

Der Steinbruch in Hyllestad ist ein nationales Kulturdenkmal. Mehrere Jahrhunderte, wahrscheinlich von der frühen Eisenzeit (um 700 v. Chr.) bis zur Arbeit im Steinbruch im ersten Teil des 19. Jahrhunderts. In Hyllestad wurde, wurde in Hyllestad Stein für Hand-, Wasser- und Dorfmühlsteine gebrochen. Die Größe variierte von 30 bis 140 cm. Andere Produkte aus Granit-Mica-Schiefer waren Steinkreuze, Mühlesteine, Dockinggefäße aus Stein. Sie können sich vorstellen, dass bärtige, zergrubene Arbeiter und Bauern aus Rønest, Berge und Myklebust dort saßen und kleine und große Mühlesteine schnitzten. Der Transport aller dieser Steinobjekte wurde durch freievoar-Lockboote und andere geeignete Fahrzeuge von z.B. Oringneset nach Bjørgvin (heute Bergen) verbracht und von da aus in die ganze Welt. Wahrscheinlich hatten die Wikinger mit ihren Handmühlsteinen, zu solchen Westwärts zu den Färöer-Inseln, Island und weiter nach Vinland, und auch in die entgegengesetzte Richtung, östwärts nach Holmgard (Neugrönland) und anderen Orten in Russland.

In der Millsteipark versuchen wir, Kenntnisse über diese besondere Bergwerkstradition zu vermitteln. Das Rohmaterial, die Ausdehnung der Tätigkeit, die Arbeits- und Arbeitsmethoden, die Verwendung von Werkzeugen, die Transport- und die Verfrachtung der Steinprodukte. Im Handwerksregister in Mahaugen ist die alte Mühlesteinproduktion durch Filme und Texte in schriftlicher Form dokumentiert.

Eine 1990 in Alverstrømmen gefundene Schiffsfracht mit Mühlesteinen aus dem 19. Jhd. wurde nach Hyllestad zurückgebracht. Teile dieser Last sind in der Sammlung zu sehen.

Die alte Steinindustrie wird ein zentrales Element sein in Hyllestad für andere Kulturdenkmäler im Distrikt: die Trøndhjemske Postveit, die Mühlen bei Skor, die wunderschöne Natur mit dem Berg "Lihstein" als Wahrzeichen umgeben, die alte Landschaft für die Kreisstadt Hyllestad von gleicher kulturhistorischer Bedeutung wie z.B. der "Trøndhjemske Postveit" und die Mühlen bei Skor.



*Her kan du finne ut om kvernstein og kvernsteinindustrien. Her kan du finne ut om kvernstein og kvernsteinindustrien. Her kan du finne ut om kvernstein og kvernsteinindustrien.*

*Millstone har ein mangfaldig historie.  
Grunnsteinen, der kvernstein vart hogge,  
var ein av dei i land fjellene.  
I Hyllestad har ei variert produksjon. Den gamle stein  
vart brukt til mange ulike ting, som  
fiskevann og fiskevann.  
Millstone har ein mangfaldig historie. Den  
Grunnsteinen vart hogge, og der  
Millstone vart brukt til mange ulike ting.*

**KULTURMINNE**  
Dette er et nasjonalt kulturminne, og det er et viktig kulturarv. Vi opplyst og informere. Hyllestad kommune.

**INFORMASJONSSENTER I HYLLESTAD**  
Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Stiftelsen Hyllestad  
Hyllestad kommune

Tilrettelagt av: Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Fotografert av: Per Kjell Erik, Lars Nils  
Grafisk produksjon: EKSIS Trykk, Førde

Fig. 155. Hyllestad, kvernsteiparken, skilt 1.





Fig. 156. Hyllestad, kvernsteinsparken, skilt 2.





Fig. 157. Hyllestad, kvernsteinsparken, skilt 3.



# HYLLESTAD

## KVERNSTEIN FRÅ HAVSENS BOTN

Langs Norskekysten er det gjort flere funn av havartere båtlastar med kvernstein frå Hyllestad. Funnet av vel 500 steinar i Alverstrømmen i 1990 er langt det største, men også funn sør for Bergen i 1993 ved det tidligere handelstaden Bukken i Sand (51 steinar), vidare i 1999 ved Kvitsøy i Rogaland (32 steinar) og i 1975 ved Håpa/Grimstad (ca. 70 stein) gjev interessante opplysningar. Alle steinane er berre grovt tilhogne, og av varierende storlek. I alle lastene er det i hovudsak handkvernstein. Kvernsteinlasta frå Alverstrømmen utgjer i alt 505 steinar, eller ca. 250 tonn; i det alt vesentlege handkvernsteinar, vart frakta attende til Hyllestad i 1990. Her fann ein også ei mengd steinpartar som var brukt til å stabilisere lasta. Kvernsteinane er rekna å utgjere 4 årverk, og må ha utgjort eit vesentleg tap. Lasta vog ca. 13 tonn og trøst før av ein hale, t.d. ei jekt på minst 40 fot. Bergen Sjøfartsmuseum meiner lasta skriv seg frå 1750-1815, men dateringa er usikker så hø kan vere eldre. Delar av lasta er utstilt her i informasjonshuset.



En slikke oppstøper kvernsteinen på plass. Å dross er utgjort av en hale som er festet til skipet. De laster oppstøper arbeidskraft på dekket.



Teikning av det som Hyllestad med havner i Hyllestad. Her blei lastet ut og inn på skipet i Hyllestad med verkstøper. De laster oppstøper arbeidskraft på dekket av Hyllestad.

### MILLSTONES FROM THE BOTTOM OF THE SEA

Along the Norwegian Coast several finds have been made of wrecked ship cargo with millstones from Hyllestad. The greatest discovery was made in 1990 when 500 millstones were found in Alverstrømmen, in 1975 about 70 stones were found near Grimstad, south of Bergen at Bukken in Sand 51 stones were found, and in 1999 off Kvitsøy 32 stones were located. All stones were roughly carved and of various sizes, mainly hand millstones. The millstone cargo from Alverstrømmen, consisting of 505 stones, or about 250 tons, mostly hand millstones, were brought back to Hyllestad in 1990. There will also find lots of stone "pieces", used to stabilize the cargo. The millstones are considered to represent four man-labour years, thus it must have been a considerable loss. The cargo weighed about 13 tons, probably on board a boat of at least 40 feet. Bergen Sjøfartsmuseum indicates that the cargo probably should be dated between 1750 and 1815, but it may also be somewhat older. Part of the Cargo is on exhibition in the Information Hall.

### MÜHLENSTEINE VOM GRUNDE DES MEERES

An der norwegischen Küste entlang wurden mehrere havartere Schiffsladungen mit Mühlsteinen aus Hyllestad entdeckt. Der wohl größte Fund von gut 500 Steinen in Alverstrømmen, aber auch Funde südlich von Bergen 1993 bei Bukken in Sand (51 Steine), 1999 bei Kvitsøy in Rogaland (32 Steine) und 1975 bei Håpa/Grimstad (ca. 70 Steine) geben interessante Hinweise. Alle Steine sind nur grob gerahmt und von unterschiedlicher Größe und in der Hauptsache Steine für Handmühlsteine. Die bei Alverstrømmen gefundenen insgesamt 505 Mühlsteine wurden 1990 nach Hyllestad zurückgebracht. Man fand auch Steinparten, die zur Stabilisierung der Ladung dienen. Wenn man bedacht, dass vier Mann ein Jahr zur Herstellung der Ladung gebraucht haben, muss die Havartere einen beträchtlichen Verlust bedeuten haben. Die Botschaft betrug ca. 13 Tonnen. Das Schiffsladungen in Bergen weisen an, dass die Ladung von 1750-1815 stammt, sie kann aber auch älter sein. Ein Teil dieser Ladungen ist hier auf dem Informationsstand ausgestellt.



Kvernsteinar er brukte til å stabilisere lasta. Dei er laga av stein og er av ulike storleikar. Dei er laga av stein og er av ulike storleikar. Dei er laga av stein og er av ulike storleikar.

**NYTTIGT Å VITTE**  
 Dette er et utvalg av kvernsteinene som er funnet i Hyllestad. De er laga av stein og er av ulike storleikar. Dei er laga av stein og er av ulike storleikar.

**INFORMASJONSNETT MED STYKKE 10**  
 I Hyllestad 1. og 2. etasje er det utstilt informasjon om kvernsteinene. De er laga av stein og er av ulike storleikar.

Tilrettelagt av: Hyllestad  
 Foto: Per Rognes, Arvid Nævre Hansen, Ingvor Nordstrand  
 Grafikk: Arvid Nævre Hansen, Ingvor Nordstrand


Fig. 158. Hyllestad, kvernsteinsparken, skilt 4.



# HYLLESTAD

## HOGGING AV KVERNSTEIN

Granatglimmerskiferen som gje i ein bogs kring Åfjorden, har eit slett av harde mineralar av granat og kyanitt som gjer bergarten godt eigna for kvernsteinproduksjon. Men stein-ema var ikkje lenge å løysa frå berget. Mærke i berget og markerte steinar i avslagsongane fortel om mykje visdom. Ufordrige og attåtande steinar i berget fortel at kvernsteinane vart forma direkte på bergeteggen og at dei meista og bygg soko lengre inn enn tykna på kvernsteinen. Ved bestemte hogg dei terti med høg og låg vinkelivte med hammer og jern mot hula til steinen losa. Gjennom åra utvikla dei høveleg reskap (m.a. hammar, jernklar, eller treklar med jernkoning, meislar, hogg- og beslejar) og effektive og praktiske teknikkar. Innføringa av årsen førelde til lettere og radikalt endre framgangsmåte. Då vart kvernsteinen hogg ut av steinblokk, sprengde or fellar med startest. Hoggstadane låg relativt nær sjøen og dermed var transporten til marknaden enkel. Fram til smaltingsplavsen i.d. Ottungsset på Raset, eller Myklebustneset vart steinen frakta med ein slags sleda, kalla kvernskiva. Det er påvitt mærke i stregene både på Berge og i Stigedalen der slik transport har gått føt seg. Både jekter og mindre båtar vart nytta til transport. På Ottungssetet kan fråstaden mellom forlypingsmærke tyda på at m.a. båtar på storlek med åttent og femteping kan ha vore vanlege. Åttentger kunne ta 20-30 kvernsteinar, så etter steinleken. Om bord vart kvernsteinane stabla med steinopnar mellom som stabiliserande strå.



**MILLSTONE HEWING**  
The granite mica slabs located in a bog around Åfjorden has a composition of very hard minerals, making it specially suitable for millstone production. But the selected material was not easy to hew from the rock wall. There are remains on rocky walls on well as lots of deformed stones on the stone-dumps which indicate considerable waste. Gradually practical and effective hewing techniques were developed by means of pit bars, hammers and chisels. Unfinished remaining stones on the rock walls tell us that the millstones were hewed right out of the rock-wall surface, where they chiselled and hammered somewhat deeper than the thickness of the millstone to be. Then they used various tools to get a base, as the stone "saw" they chiselled plenty of holes, and then in some hammers and chiselled in the holes until the coarse millstone fell loose. Gradually tools as well as effective, practical techniques were developed through the years. The hews of large millstones indicate that the process was not a simple one. Finally new procedures were introduced when jasper-like came into use. Then the millstones were hewn out of sandstone, which had been blasted out of the rock. The carving places were situated near the sea to make transport to the markets easier. To reach the remaining places, e.g. Ottungsset at Raset or Myklebustneset, the stones were carried on special sledges. Small as well as big boats were used. An Ottungsset the distance between mooring marks indicate that boats with four or five pairs of oars, had been used. Such boats could carry 20 or 30 millstones - depending on the size. On board the millstones where stored with stone spacers between them to stabilize the cargo.



**DAS AUSSCHLAGEN DER MÜHLENSTEINE**  
Der in einem Bogen um den Åfjord liegende Granatglimmerschiefer ist ein sehr harter Stein, der sich besonders gut für die Herstellung von Mühlsteinen eignet. Aber es war nicht leicht, ihn Stein an dem Felsen herauszuschlagen. Einzelne im Felsen und grosse Haufen ungenutzter Steine lassen einen grossen Schwand vermuten. An Hand von nicht fertig ausgeschlagenen Steinen kann man sehen, dass die Steine direkt auf dem Felsen gehauen wurden, indem man etwa 1/2 bis 1/3 der Mühlsteinstärke einschlug, um sie dann mit Hilfe verschiedener Geröthelchen loszuschlagen. Von der Steinunterseite kamen dann dicke Blöcke mit Löchern geschlagen. Die Löcher wurden abwechselnd mit dem Hammer und dem Eisen bearbeitet, bis sich der Stein löste. Im Laufe der Jahre entwickelten man besondere Arbeitegeräthe (z.B. Hammer, Meissel und Brecheisen) und effektive und praktische Arbeitstechniken. Die grossen Steine mit zerbrochenen Mühlsteinen zeigen, dass dies ein schwieriger Prozess war. Nach der Entdeckung des Jaspersteines wurden neue, einfachere Arbeitstechniken eingeführt. Nur wurden die Mühlsteine aus Sandstein gehauen, die aus dem Felsen herausgeschlagen wurden. Die Abbildungen zeigen relativ viele an Mühlsteinen, weshalb der Transport der Abfallsteine einfach war. Zu den Ueberbleibseln wie z.B. Ottungsset in Raset oder Myklebustneset weisen die Steine auf eine Art Schienen hin, worauf Spitzer, die im Gelände gefunden wurden, Holzbohlen, Ötzen und kleine Laubholz transportieren die Steine. Auf Ottungsset sind nach weiteren Aufzeichnungen, bemerkt. Diese fassen je nach Größe 20-30 Mühlsteine. Die Steine wurden an Bord gestapelt. Zur Stabilisierung wurden Steinopfer dazwischen gesteckt.



**KULURMINNE**  
Dette er et utmerkt kulturmiljø, som er et av våre viktigste kulturmiljøer i Hyllestad kommunen.

**INFORMASJONSBLADET MED STIEN 40**  
Informasjonen i bogen og kartene følger og illustrerer informasjonen i boken. Besøk Hyllestad kommunen.

**© Hyllestad kommunen**

**© Hyllestad kommunen**

Fig. 159. Hyllestad, kvernsteinsparken, skilt 5.





Fig. 160. Dragseidet.



## 5. Representativitet i tilrettelegginga



Under vert representativitet i stor grad drøfta i høve til strategien for framtidig tilrettelegging, heller enn i høve til stoda i dag.



## 5.1 Kronologi



Steinalderen i Sogn og Fjordane er i norsk samanheng best kjend for ma. dei mange buplassane ved Skatestraumen, dei store ristingsfelta på Vingen og Ausevik og hellarane Grønehellaren og Skrivarhellaren. Dags dato har denne tilrettelegginga ei slagside mot bergkunsten. Ingen buplassar er tilrettelagde. Slike er no prioriterte med prosjekta Brandsund, Skatestraumen, Flolid og Botnane. Ein av dei mange hellarane i Solund og Skrivarhellaren i Årdal er også prioriterte.



Bronsealderen er til no tilrettelagt med Botnane, Staveneset, Hornnes og Vereide. Med Skrivarhellaren, og oppgradert tilrettelegging av Staveneset og Botnane vil formidlinga av bronsealderen få eit stort løft. Staveneset og Skrivarhellaren er lokalitetar som er viktige i Nordeuropeisk samanheng. Konvensjonelle gardsbusetjingar er til ein viss grad representert på Vereide og Hornnes. Moglegvis kan slike bronsealderminne løftast fram i ei oppgradering av tilrettelegginga av Vereide.

Eldre jernalder er perioden der dei fyrste klåre maktsentera veks fram i fylket, og legg såleis grunnlaget for utviklinga i vikingtida. Desse maktsentera låg helst i midtre og indre strok av fylket. Til no er perioden tilrettelagt med Modvo, Vereide, Evebø, Baldershagen og Fretheim. Store tilretteleggingar av Modvo og Moahaugane, utvida/oppgradert tilrettelegging av Vereide og Evebø samt tilrettelegging av runesteinen på Barmen, audegardsanlegget på Hamre og bygdeborga på Borgarholt, vil gje eit stort løft til synleggjering og formidling av perioden. Moglegvis har fangstanlegga på Krokabandet og Fresvikvarden-Botnen også vore i bruk i eldre jernalder og ei tilrettelegging av desse ville bidra ytterlegare. Det same gjeld Hjelle og Gjerland om dei ringforma tuna viser seg å høyre heime i eldre jernalder.

Yngre jernalder med vikingtid står i ei særstilling i formidlinga av førhistorie i fylket. Særskilt i Indre Sogn har eldre formidling og tilrettelegging vore prega av mytar og tradisjonstoff, f.f. saga om Fridjov den Frøkne. Ei oppdatering er no i ferd med å stille fornminna og arkeologisk kunnskap fremst og stille sogestoffet i eit kritisk lys. Dette er gjort på Balehaugane og Baldershagen, og gjenstår i Fridjovsparken. Her bør no løftast fram skipsgrava på Myklebust, steinkrossane og kvern- og krossbrota i Hyllestad, "Lusakaupangen", det unike gardsanlegget på Ytre Moa og den rike grava frå Bygstad. I tillegg bør fokus rettast på kvernstein og kleberkar som handelsvare og næring, knytt til brota i Hyllestad og Kvilesteinsvatnet. Ei tilrettelegging av fangstanlegga vil gje eit viktig bidrag til å nyansere biletet av økonomi og næring også her.

Mellomalderen i fylket er i formidlingssamanheng dominert av dei ståande stav- og steinkyrkjebygga, steinkrossane og klosteret på Selja. Tilretteleggingar av Auduns borg på Hegrenes, "Lusakaupangen", ei rekkje kyrkjestader og gravplassar utan ståande mellomalderkyrkjer, samt ståande gardsbygg, vil gje publikum eit rikare og meir nyansert bilete av fylket i mellomalderen: Kloster, kyrkje, adel, marknad, gard og utmark.

## 5.2 Geografi

Nokre kommunar er rikare enn andre på kulturminne. Vidare er arkeologiske granskingar i samband med utbygging skeivfordelt i fylket. Som det går fram av kartet skil kommunane Høyanger, Hornindal, Vågsøy, Solund og Eid kommune seg ut med berre eitt tilretteleggingsprosjekt (eksisterande eller planlagt). Hyllestad og Gulen kommune har kvar sine to prosjekt, men desse er nær knytt til kvarandre.

## 5.3 Kulturminnekategoriar

Sogn og Fjordane har minst 29 kategoriar av automatisk freda kulturminne. Ikkje alle kategoriar eignar seg like godt til tilrettelegging. Den best representerte kategorien er gravminne involvert i 32 prosjekt. Deretter kjem kategorien gards-/stølsanlegg (synleg/ikkje synleg) i 11 prosjekt, bautasteinar i 11 prosjekt, mellomalder kyrkjestader/kyrkjegardar i 10 prosjekt, steinkrossar i 10 prosjekt, steinalderbuplassar i 5 prosjekt, og bergkunst i 4 prosjekt. Resten er kategoriar representert




i 1-4 prosjekt. Alle av dei 27 (29) kategoriane lista i handlingsplanen (Kulturavdelinga 1999) vert representert i gjeldande tilretteleggingsstrategi, sjølv om nokre er prioritert lågt. Dette skuldast delvis vektlegging av enkel tilkomst.



## 6. Strategi: tre løyper gjennom førhistoria i Sogn og Fjordane

Det er mogleg å unngå vanskelege prioriteringar ved å late nokre kulturminne inngå i fleire av løypene i guidar, faldarar og på internett.



### Løype 1 – Levekår, tru og tradisjon

Denne løypa er den med lausast tematisk overbygging. Her er samla spor etter produksjon som ikkje høyrer direkte til gardsdrifta: utvinning av råstoff og råemne som kalsedon, kvernstein, kleberkar, jarn, og anlegg for fangst av rein. Hellarane, steinalderbuplassane og bergkunsten høyrer også inn under denne løypa. Løypa er eigna særleg til å løfte fram eit nyansert bilete av steinalderen med

busetjing, fiske, fangst og ei rik førestillingsverd reflektert i bergkunsten. Ho er og eigna til å løfte fram dei økonomiske sidene av jernalder og mellomalder som går utover gardsdrifta.

### **Løype 2 – Bonden og garden**

Dei særeigne øydegardsanlegga frå eldre og yngre jernalder (Modvo og Ytre Moa) gjev ei slik tematisk løype særleg karakter i Sogn og Fjordane. Elles inngår den store mengda gravminne, og ståande gardsbygg frå mellomalder (ikkje kartfesta). Denne løypa er eigna særleg til å løfte fram romartid og folkevandringstid i Indre Sogn og Nordfjord, og meir generelt dei lange linene til jordbruket og garden.

### **Løype 3 – Rikssamling og kyrkjebygging**

Med dei unike stavkyrkjene frå Urnes, Borgund, Hopperstad, Kaupanger, og Undredal, steinkyrkjene frå Hove, Dale, Kinn og Kvamsøy, klosteret på Selje (ruinar og ståande bygg ikkje kartfesta), steinkrossane og eit steinbrot som også leverte krossar i Hyllestad, kan Sogn og Fjordane by fram ei særeigen og rik reise gjennom rikssamling og kristning. Enkelte gravminne, først og fremst Myklebustgravene, bør også vere del av denne løypa.



## **7. Automatisk freda kulturminne i kommunale- og andre plandokument.**

Brorparten av kulturminna ligg i område definerte som LNF område i kommunane sine arealplanar, og har såleis dårleg vern i kommunalt planverk.

Tre kommunar har eigne temaplanar for kulturminne (kulturminneplanar): Lærdal (Aspevik & Hovland 2009), Luster (Luster kommune 2000) og Aurland (Nielsen 1990).

Skjøtselplanar er utarbeidd for bergkunstfelt i Vingen og Ausevik (Wrigglesworth 2002ab), og for vegetasjon/kulturlandskap på Staveneset (Steen Kluck 1995), medan utkast ligg føre til skjøtselplan for alle kulturminna på Staveneset og på heile øya Selja (ikkje klosteret). Vidare er skjøtselavtalar gjort for Vingen, Modvo og Ytre Moa.

Andre planar relevante i denne samanhengen er bruks- og verneplan for Svanøy, Flora kommune (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1997) og forvaltnings- og utviklingsplan for kvernsteinslandskapet i Hyllestad (Håland & Knagenkjelm 2008).

## 8. Kostnadsoverslag på tilrettelegging

Eit informasjonsskilt etter gjeldande fylkeskommunal standard kostar kring 20 000 kr. I dei fleste prosjekta er dette tilstrekkeleg informasjon på staden, og dette er såleis å rekne som eit grunnbeløp. Vidare kostnader kan vere til eventuelt fleire skilt, til utarbeiding av faldarar tilgjengeleg på papir og på internett, anna type internettpublikasjon, eller applikasjonar for mobiltelefon. Digitale rekonstruksjonar til bruk i alle desse media kan vere aktuelt, og desse kan vere kostesame.

Når det gjeld kostnader til andre typar tiltak som sti, gangveg, gjerde og liknande, kan mykje av dette gjerast rimeleg eller kostnadsfritt av lokale aktørar om den lokale forankringa er god.



## 9. Kulturminne i Sogn og Fjordane på internett

Dette oversynet over kulturminne i Sogn og Fjordane er på ingen måte å rekne som utfyllande. Det er heller meint som eit oversyn over dei viktigaste nettstadene der kulturminna i denne rapporten er representerte.

Nokre kulturminne og kulturmiljø har egne nettsider på egne domene:

- **Norsk Kvernsteinsenter.** Her er informasjon om kvernsteinsparken og dei andre kvernsteinsbrota mm. (<http://www.kvernstein.no/>)
- **Gulatinget.** Her er informasjon om Gulatinget, historia og tilrettelegginga mm. <http://www.gulatinget.no/>

Vidare finst nettstader med fokus på avgrensa område:

- **Arkeologi vest.** Årdal kommune har delteke i eit prøveprosjekt på formidling av eldre historie og forhistorie knytt til prosjektet "Nettbasert kultur- og kunnskapsformidling" i Sogn og Fjordane. Prosjektet hadde tittelen "Frå vikinggrav til verdsveven" (Skrede 2008; Lia & Skrede 2009). Her er mellom anna animasjonar og rekonstruksjonar av Ytre Moa, samt mykje populær- og faglitteratur om Ytre Moa, Skrivarhellaren og andre fornminne i Årdal kommune. Prosjektet ber preg av å vere under arbeid og nettstaden er ikkje lett tilgjengeleg (<http://www.sfj.no/cms/eldrehistorie/cms.nsf>).
- **Nordfjordhistorie. Ei reise i Nordfjord si eldre historie.** Nettstaden er del av eit utviklingsprosjekt i Eid kommune, SAGASTAD, og er også del av North Sea Viking Legacy Project. Tek for seg kommunane Vågsøy, Selje, Bremanger, Eid, Hornindal, Gloppen og Stryn (<http://www.nordfjordhistorie.no/>)
- **Fjordkysten.** Nettstad knytt til utvikling av reiseliv i kystkommunane Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Flora og Bremanger. Eigen kategori for fortidsminne. Fokus på tilgjengelege kulturminne (<http://www.fjordkysten.no/no/ATTRAKSJONER/Arkitektur/Fortidsminne/>).
- **Kommunale nettstader.** Kommunane har i mange tilfelle oppslag om kulturminne på nettsidene sine.

Til sist kjem to verdifulle oppslagsverk på fylkesnivå:

- **Kulturhistorisk leksikon,** Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Totalt 1710 artiklar, mange av dei om eldre historie og automatisk freda kulturminne. (<http://fylkesarkiv.no/side/kulturhistorisk-leksikon>).
- **Fylkesleksikon,** NRK Sogn og Fjordane. Kategori *Historie* har 200 oppslag, mange av dei omhandlar faste automatisk freda kulturminne og andre faste kulturminne. ([www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Kategori:Historia](http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Kategori:Historia)).

## 10. Kjelder

Aspevik, M. og Hovland, K. 2009: Kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern. Temaplan. Lærdal kommune.

Ekman, M. E. 2001: Destination Viking. Western Viking Route. Publisert av North Sea Viking Legacy i samarbeid med Viking Heritage/Gotland Centre for Baltic Studies Gotland Universitet. Ekblad & Co, Västervik.

Fylkeskultursjefen i Sogn og Fjordane 1993: Plan for vern av kulturminne i Bremanger.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1997: Svanøy bruks- og verneplan. Prosjektrapport.

Håland, M. T. og Knagenhjelm, T. K. 2008: Stein på stein. Forvaltnings- og utviklingsplan for kvernsteinslandskapet i Hyllestad. *Aurland Naturverkstad rapport 10/2008*.

Kulturavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune 1999: *Eit mangfald mellom kyst, fjord og fjell - Handlingsplan for skjøtsel og tilrettelegging av automatisk freda kulturminne i Sogn og Fjordane*.

Lia, V. & Skrede, M. 2009: Frå vikinggrav til verdsveven. Formidling av forhistorie og eldre historie i Årdal kommune. *Kulturkontoret i Årdal kommune. Skrift nr. 1. 2009*.

Luster kommune 2000: Kommunedelplan for forvaltning av kulturminne 1994-2001.

Nielsen, M. 1990: Plan for vern av kulturminne i Aurland kommune. Del 1, materielle kulturminne. Aurland kommune, kulturetaten.

Skrede, M. 2008: Frå vikinggrav til verdsveven. Formidling av forhistorie og eldre historie frå Sogn og Fjordane. Rapport 3 i prosjektet "Nettbasert kultur- og kunnskapsformidling i Sogn og Fjordane".

Steen Kluck, S. A. 1995: Skjøtselsplan for Staveneset. Utarbeidd på oppdrag frå kultur- og næringskontoret i Askvoll.

Wrigglesworth, M. 2002a: Skjøtselsplan for Ausevik, Flora kommune, Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Kulturavdelinga, Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Wrigglesworth, M. 2002b: Skjøtselsplan for Vingen Kulturminneområde, Bremanger kommune, Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Kulturavdelinga, Sogn og Fjordane Fylkeskommune.



# Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2010-2020

## - framlegg til prioriteringsliste for Sogn og Fjordane

Sjå <http://askeladden.ra.no> for kartfesting og nærare opplysningar om kulturminna.

Tiltaka er graderte i tre nivå etter graden av ynskt tilrettelegging til publikum:

- Nivå: lite - enkel vegetasjonsskjøtsel, skjøtelsesplan og skilt for enkeltminne/mindre kulturminneområde.
- Nivå: middels - vegetasjonsskjøtsel, skjøtelsesplan, tilrettelegging med sti og skilt for mindre kulturminneområde/enkeltminne.
- Nivå: stort - større tilretteleggingsprosjekt, som kan vere omfattande fysisk tilrettelegging av samt informasjonsmateriell. Større kulturminneområde.

### Fem moglege kandidatar for tilrettelegging på stort nivå

#### Brandsøysundet

Flora k.

Steinalderbuplassar, bergkunst, gravminne, mellomalderkyrkjestad. Mangfaldig kulturmiljø med stor tidsdjupne langs med sund som representerer eldgamal ferdslelei. Treng utvalsprosess (prioritere *in situ* lokalitetar). Utvida frå handlingsplan med bergkunst, gravrøyser og mellomalderkyrkjestad. Nivå: stort.

#### Staveneset

Askvoll k.

Gravminne og bergkunst, eksisterande publikumsområde (Ask ID 25754, 25757, 60450, 16063, 66693, 36141, 105221, 66692, 45726). Særeige kulturmiljø med sjeldan samanheng mellom gravrøyser og bergkunst frå bronsealder langs båtleia. Utvida frå handlingsplan med fleire gravrøyser. Opphavleg og autentisk miljø, stor geografisk utstrekning. Nivå: stort.

#### Modvo

Luster k.

Gardsanlegg (Ask ID 35877). Særprega øydegardsanlegg frå eldre jernalder. Ruinane er godt synlege medan arkeologiske granskingar har gjeve kulturminnet auka opplevings- og pedagogisk verdi. Opphavleg og autentisk miljø. Nivå: stort.

#### Myklebusthaugane

Eid k.

Gravhaugar (Ask ID 25828). Viktig kulturminne knytt til rikssamlinga, aktualisert gjennom filmproduksjonen *Det brente skipet* (Arkikon). Utvida frå handlingsplan med mellomalderkyrkjestad. Bør integrerast i pågåande prosjekt SAGASTAD. Nivå: stort.

#### Moahaugane

Vik k.

Gravfelt med ni gravminne (Ask ID 110486). Samlinga av store gravhaugar er eit framifrå døme på dei maktsentra som vaks fram i eldre jernalder i indre fjordstrók. Ligg på terrassekant mellom Hove steinkyrkje og Hopperstad stavkyrkje. Nivå: stort.

## Nedanfor er kommunane lista alfabetisk med rangering av prosjekta i kvar kommune

### Askvoll k.

1. **Staveneset** Askvoll k.  
Gravminne og bergkunst, eksisterande publikumsområde (Ask ID 25754, 25757, 60450, 16063, 66693, 36141, 105221, 66692, 45726). Særeige kulturmiljø med sjeldan samanheng mellom gravrøyser og bergkunst frå bronsealder langs båtleia. Utvida frå handlingsplan med fleire gravrøyser. Opphavleg og autentisk miljø, stor geografisk utstrekning. Nivå: stort.
2. **Vilnes** Askvoll k.  
Mellomalderkyrkjestad, steinkross og bautasteinar (Ask ID 66694, 85848). Nivå: lite.
3. **Rivedal** Askvoll k.  
Bautastein (Ask ID 55515). Nivå: lite.

### Aurland k.

1. **Prestegarden** Aurland k.  
Gravhaug og to gravfelt med til saman fem dels store gravhaugar (Ask ID 25763, 36146, 66697). Er delvis skilta. Nivå: middels.
2. **Kvaotedn** Aurland k.  
Gardsanlegg og skålgroper (Ask ID 45728, 66698). Nivå: middels.
3. **Seltuftøyri** Aurland k.  
Jarnvinneanlegg (Ask ID 114904). Nivå: middels.

### Balestrand k.

1. **Veganeset** Balestrand k.  
Fem gravrøyser på Tjugum og Lunde, samt ei sjette som er arkeologisk granska og datert til bronsealder (Ask ID 60465, 45744, 16076, 60462, 55445). Utvida frå handlingsplan med gravrøysene på Lunde. Nivå: middels.
2. **Balehaugane** Balestrand k.  
Gravfelt med to gravhaugar (Ask ID 6698). Eksisterande skilting. Nivå: lite.

### Bremanger k.

1. **Botnane** Bremanger k.  
Fleire store gravrøyser frå bronsealder (Ask ID 35720, 55481 m.fl.). Utvida frå handlingsplanen med dei andre markerte gravrøysene i Botnane, storslege landskap. Nivå: middels.
2. **Grotle** Bremanger k.  
Gamle Grotle mellomalderkyrkjegard (Ask ID 45771). Nivå: lite.
3. **Skatestraumen** Bremanger k.  
Steinalderbuplassar. Steinalderbuplassar frå langt tidsrom langs med fiskerikt sund. Treng utvalsprosess (prioritere *in situ* lokalitetar). Nivå: middels.

### Eid k.

1. **Myklebusthaugane** Eid k.  
Gravhaugar (Ask ID 25828). Viktig kulturminne knytt til rikssamlinga, aktualisert gjennom filmproduksjonen *Det brente skipet* (Arkikon). Utvida frå handlingsplan med mellomalderkyrkjestad. Bør integrerast i pågåande prosjekt SAGASTAD. Nivå: stort.



## Fjaler k.

1. **Korssund** Fjaler k.  
Steinkross (Ask ID 16057). Eksisterande skilting. Evt. utvide frå handlingsplanen og inkludere delar av/heile sundet, gamal ferdslelei, med steinalderbuplassar og gravrøyser. Nivå: middels.
2. **Guddal** Fjaler k.  
Mellomalder kyrkjegard med tre steinkrossar i Guddal (Ask. ID 84446). Nivå: lite.

## Flora k.

1. **Brandsøysundet** Flora k.  
Steinalderbuplassar, bergkunst, gravminne, mellomalderkyrkjestad. Mangfaldig kulturmiljø med stor tidsdjupne langs med sund som representerer eldgamal ferdslelei. Treng utvalsprosess (prioritere *in situ* lokalitetar). Utvida frå handlingsplan med bergkunst, gravrøyser og mellomalderkyrkjestad. Nivå: stort.
2. **Svanøy** Flora k.  
Steinkross (Ask ID 55545). Eksisterande skilting. Nivå: lite.
3. **Kinn** Flora k.  
Samling tufter, røyser og steinsamlingar (Ask ID 16144). Nivå: middels.

## Førde k.

1. **Vie** Førde k.  
Gravfelt med 16 gravrøyser i dag (Ask ID 64082). Nivå: middels.
2. **Furebøen** Førde k.  
Bautastein (Ask ID 55547). Nivå: lite.
3. **Gjerland** Førde k.  
Ringforma tunanlegg (utgravd, ikkje i Askeladden). Evt. utvida frå handlingsplan med nærliggande gravrøyser. Nivå: lite.

## Gaular k.

1. **Bygstad** Gaular k.  
Gravhaug (Ask ID 25868, 136687). Utvida frå handlingsplan med mellomalderkyrkjegard utav bruk. Eksisterande skilting (delvis). Nivå: middels.
2. **Osen** Gaular k.  
Busetnadsområde, gravrøyser (ikkje i Askeladden). Arkeologiske funn. Ny i høve handlingsplanen. Nivå: middels.
3. **Sande** Gaular k.  
Gravhaug (Ask ID 45840). Nivå: lite.

## Gloppen k.

1. **Vereide** Gloppen k.  
Stort gravfelt med mange gravminne (Ask ID 63962 m.fl.). Eksisterande skilting. Nivå: middels.
2. **Evebø** Gloppen k.  
Gravminne og jernalderbusetjing. (Ask 64115 m.fl.). Utvide frå handingsplanen med fleire gravrøyser, busetnadsområde langs med oldtidsvegen. Nivå: middels.
3. **”Karnillshaugen”** Gloppen k.  
Stor gravhaug på Hauge (Ask ID 45849). Eksisterande skilting. Nivå: lite.

## **Gulen k.**

1. **Gulatinget** Gulen k.  
Opphavleg tingstad og to steinkrossar i Eivindvik, mellomalderkyrkjestad (Ask ID 16184). Tusenårstaden, markeringstaden for Gulatinget, i Flolid. Tilrettelegging må samkøyrast med kommunale tiltak knytt til tusenårstaden og tingstaden Gulatinget. Nivå: middels.
2. **Flolid** Gulen k.  
Steinalderbuplassar/aktivitetsområde (Ask ID 63964, 106793, 106794). Må samkøyrast med kommunale tiltak knytt til tusenårstaden Gulatinget. Nivå: middels.

## **Hornindal k.**

1. **Jytleskotet-Omnane** Hornindal k.  
To steinbrot (kalsedonbrot) på Ytrehorne (Ask ID 25918, 121328). Nivå: middels.

## **Hyllestad k.**

1. **Hyllestad** Hyllestad k.  
Steinbrot etter uttak av kvernstein og krossar (Ask ID 55152, 25924, 45882, 25927 m.fl.). Må samkøyrast med tiltak ved evt. UNESCO - status for kvernsteinsbrota. Må óg gjerast i lys av forvaltnings- og utviklingsplan for kvernsteinslandskapet i Hyllestad. Nivå: middels.
2. **Hyllestad** Hyllestad k.  
Mellomalderkyrkjegard med fire steinkrossar i Hyllestad (Ask ID 84686). Må samkøyrast med tiltak ved evt. UNESCO - status for kvernsteinsbrota. Nivå: lite.

## **Høyanger k.**

1. **Åkreneset** Høyanger k.  
Tre gravrøyser på Åkre (Ask ID 45878, 6381, 6380). Nivå: middels.

## **Jølster k.**

1. **Hegrenes** Jølster k.  
Omfattar Auduns borg med tilhøyrande strukturar samt jernalder gardsbusetjing på Hegrenes, gravminne og Tingstad på Grøset og Ålhus prestegard (Ask ID 16220, 55154, 117160, 135282). Utvida frå handlingsplanen med jernalderbusetjing, gravminne og tingstad. Nivå: middels.
2. **Kjøsnes** Jølster k.  
Gravfelt med sju gravhaugar. I nærleiken ligg to gravrøyser og ein gravhaug. Utvida frå handlingsplan med kringliggande gravminne (Ask ID 55157, 72960, 35827). Nivå: middels.

## **Leikanger k.**

1. **Henjane** Leikanger k.  
Gravfelt med ti gravhaugar (Ask ID 55181). Nivå: middels.
2. **Njøs** Leikanger k.  
Mellomalderkyrkjegard (Ask ID 85137). Nivå: lite.
3. **Nybø** Leikanger k.  
Bautastein med gravfelt (Ask ID 55182). Eksisterande skilting. Nivå: lite.



## Luster k.

1. **Modvo** Luster k.  
Gardsanlegg (Ask ID 35877). Særprega øydegardsanlegg frå eldre jernalder. Ruinane er godt synlege medan arkeologiske granskingar har gjeve kulturminnet auka opplevings- og pedagogisk verd. Opphavleg og autentisk miljø. Nivå: stort.
2. **Urnes** Luster k.  
To gravhaugar og bautastein (Ask ID 25509, 6428, 45464). Nivå: middels.
3. **Høljarhaugen** Luster k.  
Gravhaugen "Høljarhaugen" på Prestgarden (Ask ID 35875). Nivå: lite.

## Lærdal k.

1. **Stavarekkja** Lærdal k.  
Gravfelt med gravrøyser på gamal stemnestad (Ask ID 100763). Nivå: middels.
2. **Ljøsne** Lærdal k.  
Gravrøys og fleire rydningsrøyser (Ask ID 100647). Nivå: middels.
3. **Sverrestigen** Lærdal k.  
Eldre veg, tradisjonsminne (ikkje i Askeladden). Nivå: lite.

## Naustdal k.

1. **Gardsbøen** Naustdal k.  
Sjeldne nausttufter (Ask ID 112430). Utgravde busetnadsområde i nærleiken. Ny i høve til handlingsplanen. Nivå: middels.
2. **Horne** Naustdal k.  
Tre gravrøyser (Ask 25515, 45473). Nivå: lite.

## Selje k.

1. **Selja** Selje k.  
Mellomalderkyrkjegard på Bø (Ask ID 135249). Del av større kulturmiljø på klosterøya. Nivå: middels.
2. **Barmen** Selje k.  
Runestein (Ask ID 25573). Nivå: lite.
3. **Hamre** Selje k.  
Gardsanlegg (Ask ID 55270). Nivå: middels.

## Sogndal k.

1. **"Lusakaupangen"** Sogndal k.  
Yngre jernalder/mellomalder kjøpstad i Kaupanger (ikkje i Askeladden). Nivå: middels.
2. **Stedje** Sogndal k.  
Runestein (Ask ID 60593). I nærleik av mellomalderkyrkjestad og busetnadsområde frå vikingtid. Nivå: lite.
3. **Borgarholt** Sogndal k.  
Bygdeborg/forsvarsanlegg (Ask ID 35493). Nivå: middels.

## **Solund k**

1. **Hersvik** Solund k.  
Hellar, Griseparken, med kulturlag (Ask ID 55283). Nivå: lite.

## **Stryn k.**

1. **Bø indre** Stryn k.  
Bautastein og nausttuft (Ask ID 55296, Ask ID 139570). Nausttuft ny i høve til handlingsplanen. Nivå: middels.
2. **Hjelle** Stryn k.  
Ringforma tunanlegg (Ask ID 95319). Nivå: middels.
3. **Loen** Stryn k.  
Steinkross (Ask ID 45548). Nivå: lite.

## **Vik k.**

1. **Moahaugane** Vik k.  
Gravfelt med ni gravminne (Ask ID 110486). Samlinga av store gravhaugar er eit framifrå døme på dei maktsentra som vaks fram i eldre jernalder i indre fjordstrók. Ligg på terrassekant mellom Hove steinkyrkje og Hopperstad stavkyrkje. Nivå: stort
2. **Kvilesteinsvatnet** Vik k.  
Kleberbrot (Ask ID 95084, 141992). Nivå: middels.
3. **Fresvikvarden-Botnen** Vik k.  
Fangstanlegg for rein (Ask ID 141626 m.fl.). Ny i høve til handlingsplanen. Nivå: middels.

## **Vågsøy k.**

1. **Røysaleitet** Vågsøy k.  
Gravfelt (Ask ID 45580). Tre store gravrøyser ved Ulvesundet. Nivå: middels.

## **Årdal k.**

1. **Ytre Moa** Årdal k.  
Gardsanlegg frå vikingtid (Ask ID 60441). Nivå: middels.
2. **Skrivarhellaren** Årdal k.  
Hellar med kulturlag, særleg frå seinneolitikum og bronsealder (Ask ID 60442). Nivå: middels.
3. **Krokabandet** Årdal k.  
Fangstanlegg (ikkje i Askeladden). Nivå middels.

12.10.2010